



SELJE KOMMUNE

Kommunestyret

Møtebok

Møtedato: 15.06.2015

Møtetid: Kl. 10:00 – 17:00

Møtested: Kommunehuset, 2.etg.

Saksnr.: 024/15 - 044/15

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård (ordfører), Gunnar Silden, Terje Ødegård.

Ordfører gjekk frå møtet kl. 15.00 / etter sak 033/15. Varaordfører Gunn Sande leia møte.

UAVH: Toril Sande.

FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage

KRF: Gunn V. Helgesen, Raymond Myren, SteinRobert Osdal.

H: Magny H. Myklebust, Eva Janne T. Årvik.

AP: Per Egil Hellebust

SP: Gunn Sande

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Stine Aase Myhre. Melding om forfall til møtet var gjeve.

FRP: Marit Swensen, Ove Swensen. Melding om forfall til møtet var gjeve.

H: Kenneth Brandal. Melding om forfall til møtet var gjeve.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Åge Lundebrekke. Vivian N. Sætren møtte kl. 15.00, frå handsaming av sak 034/15.

FRP: Rune Hovden, Dagfinn Kvamme

H: Svein Rune Krakereid

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Kommunestyret vedtok samrøystes å handsama ei tilleggsak:

Sak 044/15 Utviding av kredittramme

17 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
024/15	Godkjenning av møtebok
025/15	Referatsaker
026/15	Overdragelse av det gamle kommunehuset til Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad
027/15	Delegeringsreglement - Selje kommune
028/15	Årsrekneskap Selje kommune - 2014
029/15	Årsmelding Selje kommune - 2014
030/15	Årsrapport Selje kommune - 2014
031/15	Tertialrapport 1.tertial 2015
032/15	Rapport kommunens finansforvaltning pr. 1. tertial 2015
033/15	Legekontor på Stadlandet
034/15	Uttale til høyring - Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker
035/15	Fornyelse av leasingavtaler bilar - Helse og omsorg
036/15	Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune - Revisjon
037/15	Etablering og drift av breibandnett Borgundvåg - Finansiering
038/15	Skjenkeløyve for alkohol - Eltvik & Åhjem eft. AS
039/15	Serveringsløyve - Eltvik & Åhjem eft. AS
040/15	Kjøp/låneopptak - Bustadar for flyktningar
041/15	Nordfjord vekst - Evaluering 2015
042/15	Framtidig handtering av slam i Nordfjordkommunane
043/15	Kommunereform - Ny kommunestruktur
044/15	Utviding av kredittramme

Tilleggsaker: 044/15

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	024/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/365
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 27.04.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.06.2015	Møtebok KS 27.04.15.pdf	66675

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Merknad frå Gunn Sande:

Sak KS 021/15- Siste linje i tredje avsnitt bør lyde:

Vidare kom det fram at ein samla plan for dette må leggast fram for Kystverket si prosjektgruppe for Stad skipstunnel innan 31.12.2015.

KS-024/15 VEDTAK

Møteboka frå møte 27.04.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	025/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/364
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/1991	I	22.04.2015	Reisemål Stryn & Nordfjord AS	Vedr. avtale med Reisemål Stryn & Nordfjord - Protokoll generalforsamling 07.04.15
2	15/2009	I	24.04.2015	Reisemål Stryn & Nordfjord AS	Protokoll generalforsamling Reisemål Stryn & Nordfjord AS
3	15/2027	I	27.04.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Kommuneplan - Arealdel - Framdrift
4	15/2610	I	20.05.2015	Vest Kontrollutvalssekretariat	Møtebok Kontrollutvalet 19.05.15
5	15/2611	I	20.05.2015	Vest Kontrollutvalssekretariat	Kontrollutvalet sak 13/15 - Gjennomgang av møteprotokollar 2015
6	15/2612	I	20.05.2015	Vest Kontrollutvalssekretariat	Spørjeundersøking kommunestyret - Overordna analyse
7	15/2658	I	04.06.2015	Nordfjord Havn IKS	Revidert møtereferat frå Havnerådsmøte 01/15 - 18.05.15
8	15/2667	I	08.06.2015	Stadlandet bedriftsforening	Arbeidsgiveravgift

9 15/2150 S 05.05.2015

Busetting av flyktningar med
bakgrunn i dagens
flyktningkrise

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Tilleggsreferat:

10. Ordførar: Orientering om Okla vindpark – Opna for konsesjon. Oppstart truleg i 2017.

11. Stein Robert Osdal: Orienterte om møte i Havnerådet.- Orientering frå Selje om fleirbrukshavn på Stadlandet.

KS-025/15 VEDTAK

Referat 1 – 10 vart teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	054/15
Kommunestyret	15.06.2015	026/15

Sakshandsamar Ørnulf Lillestøl	Arkiv FE-614	Arkivsak 15/309
-----------------------------------	-----------------	--------------------

Overdragelse av det gamle kommunehuset til Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	02.06.2015	Rådmann	Vedtekter for Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad

Vedlegg i saka

Vedtekter

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.08.2014	Framtidig bruk av det gamle kommunehuset	58245
02.06.2015	Vedtekter for Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad.docx	66436

Prospekt for stiftinga

Saka gjeld

BAKGRUNN

Kommunestyret i Selje vedtok i 2011 å sette ned eit interimstyre som skulle gjere forarbeidet for etablering av eit kloster- og pilegrimssenter i Selje.

Interimstyret la i januar 2013 fram sluttrapport for dette arbeidet. Våren 2013 godkjende kommunestyret i Selje sluttrapporten. I same møte ga kommunestyret si tilslutning til ei utviklingsavtale mellom Selje kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Reisemål

Stryn og Nordfjord om utvikling av Selja kloster- og helgenanlegg og tilrettelegging for vekst og utvikling med utgangspunkt i dette store kulturminnet.

Kommunestyret gjorde vedtak om at det skulle settast ned ei arbeidsgruppe som skulle ta interimstyret sitt arbeid vidare til etablering av ein organisasjon.

Denne arbeidsgruppa har utvida interimstyret sitt utviklingsperspektiv til også å omfatte Stadhalvøya.

Stad har svært store landskaps- og naturverdiar som har enormt utviklingspotensiale i eit opplevings- og reiselivsperspektiv. Her kan nemnast verna vassdrag, fuglefjell, våtmarksområde, terrengdekkande myr og kystlynghei. Stad er det mest fuglerike (tal artar) område i landet vinterstid. Stad har også særskild verneverdige kulturlandskapsområde, der Fylkesmannen i Sogn og Fjordane samarbeider med Selje kommune og dei einskilde grunneigarane om framtidig skjøtsel. Surfestrendene i Hoddevik og Ervik er kjende langt utanfor Noreg.

Selje kommune er så heldig å ha eit av landet sine største og mest verdfulle kulturminne: Selja kloster- og helgenanlegg. Sogn og Fjordane fylkeskommune seier at Selja med Selja kloster- og helgenanlegg er eit fyrtårn innan regionalt reiseliv og kultur. Riksantikvaren har ei årrekke lagt ned store ressursar i å bevare dette store kulturminnet for framtida.

I 2010 arrangerte Selje den første kystpilegrimskonferansen i landet. Selje tok med tiltaket til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bjørgvin bispedømmeråd, og fekk saman med Hordaland Fylkeskommune arrangert eit møte i Bergen i 2011.

Initiativet var starten på eit kystomfemnande prosjekt frå Rogaland til Trøndelag --- «Kystpilegrimsleia».

Eit forprosjekt er nyleg erstatta av eit hovudprosjekt for utvikling av denne leia.

Selja er både ein sentral stad i denne kystpilegrimsleia -- og eit sjølvstendig pilegrimsmål. Dette er bakgrunnen for at Selje tek mål av seg å bli eit regionalt kystpilegrimssenter i kystpilegrimsleia Rogaland --Nidaros.

Riksantikvaren ga Selje midlar til eit verdiskapingsprosjekt i kystpilegrimsleia 2013 - 2014: utvikling av pilegrimsturar til Selja både frå sør og nord. Gjennom dette prosjektet, og gjennom dei siste åra sitt aukande fokus på Selje og Selja, er stadig fleire auge retta mot dette store kulturminnet og dei andre komparative rikdommane Selje kommune og regionen har å by på.

I juli 2014 vart kystpilegrimsleia formelt lansert av riksantikvar Jørn Holme. I talen sin heldt Holme Selja fram som ein av dei sterkast opplevings-stadane i landet. Holme spådde også ei formidabel auke i besøkstalet til Selja. Gjennom det som skjedde 26. juli, styrka både Riksantikvar, fylkeskommunar, kommunar og bispedømmeråd Selja og Selje sin kandidatur som regionalt pilegrimssenter.

STIFTINGA SANKTA SUNNIVA, SELJA OG STAD

Prospekt og vedtekter for Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad syner at organisasjonen si sentrale oppgåve er å vere eit «nav» og ein koordinator for utvikling av oppleving og reiseliv som ei viktig næring i Selje kommune.

Stiftinga skal vere ei koordinerande støtte for næringsdrivande i kommunen samstundes som organisasjonen også på eige grunnlag skal drive utvikling.

Både fylkesordførar , Riksantikvaren og andre instansar seier at dei ynskjer å bidra til vekst og utvikling i Selje kommune. Vi får frå mange hald stadfesting av kva utviklingspotensiale som ligg i både kulturminne, natur og landskap. Øya Selja si plassering under Stadhalvøya er ein mektig landskapsmessing verdi vi må utnytte på ein god måte for vekst og utvikling i kommunen. Selja i kystpilegrimsleia ligg i eit "vegkryss" der pilegrimsleia både går mot aust over Strynefjellet -- og vest over havet. Det er alt etablert kontaktar i begge retningar. Det vert arbeidd inn mot Riksantikvaren og aktuelle departement om medfinansiering av drift for aktivitetane knytt til dei store verdiane som ligg i Selje kommune.

I februar vart det arrangert eit arbeidsseminar der viktige samarbeidspartar frå heile landet var samla i Selje for å gje innspel til organisasjonen i etableringsfasen.

Stiftinga sitt føremål og hovudoppgåver er soleis i tråd med Selje kommune sin strategiske næringsplan. Stiftinga vil dermed stå for mange av dei kultur- og utviklingsoppgåvene som kommunen elles måtte drifte.

Selje kommune har i dag ein relativt svak økonomi. Gjennom denne stiftinga kan innbyggjarane i kommunen få utført sentrale utviklingsoppgåver og få gode opplevingar utan at det belastar kommuneøkonomien. Stiftinga tek sikte på å tilsette personell som skal utføre dei omtalte utviklings- og koordineringsoppgåvene.

Stiftinga tek også mål av seg å samarbeide med Selje kommune om bibliotek og turistinformasjonsteneste .

DET GAMLE KOMMUNEHUSET

I overnemnde arbeid med etablering av organisasjonen Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad , står Selje kommune sin vilje og interesse sentralt. Å la det gamle kommunehuset vere kommunen sin innsats/ eigenandel i arbeidet for etableringa av den nye organisasjonen, vil ha avgjerande betydning for resultatet med fullføringa av dette prosjektet. Gjennom å la dette bygget bli eit kombinert kultur- og næringsbygg, vil det komme både innbyggjarar og gjestar til gode. Selje kommune vil i verdiskapingsssamanheng få mykje att for denne investeringa. Det blir dessutan uttrykt vilje til at eit slikt sentrumsbygg skal komme ålmenta til gode. Opprusting og vedlikehald av huset vil bli den nye organisasjonen sitt ansvar. Det gamle kommunehuset heretter kalla Sunnivahuset skal også romme turistinformasjon og bibliotek.

Kommunestyret gjorde difor i k-sak 49/14 følgjande vedtak:

Selje kommune vedtek å bruke det gamle kommunehuset som eit innskot/investering i ein nyoppretta organisasjon med det førebelse arbeidsnamnet Selja Stad. Huset skal romme aktivitetar knytt til til kloster- og pilegrimssenter, turisme, prosjektorganisasjon mm. Selje kommune føreset at ein må kome tilbake til ei høveleg organisering av selskapet/stiftinga, slik at ein på best mogleg måte ivaretek Selje kommune sine interesser i framtida.

Det må utarbeidast eit utkast til overdragingsdokument for å ivareta Selje kommune sine interesser og at det blir godkjent av kommunestyret etterpå.

Konklusjon

Kommunestyret sitt vedtak om å bruke det gamle kommunehuset som kommunen sitt innskot i stiftinga, seier at det skal utarbeidast eit overdragingsdokument som ivaretek Selje kommune sine interesser for framtida.

Eigedomar som tilhøyrrer ei stifting, kan i framtid berre nyttast til stiftinga sitt føremål – gjeve gjennom vedtektene for stiftinga. Dette inneber også at om ei stifting skulle gå inn, skal verdiane i stiftinga også i framtid nyttast til det opprinnelege føremålet. Gjennom innhaldet i vedtektene for stiftinga sikrar dermed Selje kommune seg at huset for all framtid skal nyttast til ålmenta sitt beste (jf. vedtektene).

Før det gamle kommunehuset kan nyttast i omfattande grad, må det store påkostningar til. Naudsynt trong for oppgradering gjeld både elektrisk anlegg, ventilasjon, varme og universell utforming (mellom anna heis). Samla utgjør dette påkostningar som vert stipulerte til mellom tre og fire millionar kroner. Dette er utgifter stiftinga må stå føre, det blir ikkje kommunale kostnadar når stiftinga overtek huset

Det er lagt ned eit omfattande arbeid med å rydde og klargjere huset, flytte turistinformasjonen og dugnad frå dei som ser fram til å overta huset i samsvar med kommunestyrevedtaket. Framlegg til vedtekter som ligg vedlagt sikrar kommunen sine interesser på ein god måte.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ordlyd i overdragingsdokument

I samsvar med vedtak k-49/14, overtek Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad det gamle kommunehuset frå Selje kommune frå stiftingsdato.

Overdraginga skjer med i samsvar med vedlagde vedtekter for stiftinga.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Orientering:

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad v/Torkjell Djupedal og Gerd Kjellaug Berge orienterte / svara på spørsmål under handsaming av saka.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster for og 3 røyster mot.

FS-054/15 FRAMLEGG**Ordlyd i overdragingsdokument**

I samsvar med vedtak k-49/14, overtek Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad det gamle kommunehuset frå Selje kommune frå stiftingsdato.

Overdraginga skjer i samsvar med vedlagde vedtekter for stiftinga.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Framlegg frå Ordførar:

Selje kommune overdreg det gamle kommunehuset til organisasjon under stifting med det førebelse namnet Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad. Dette som eit ledd i kommunen si satsing på ny aktivitet og det å kunne etablere eit kloster- og pilegrimssenter i Selje.

Når stiftinga er oppretta vert det å utarbeide eit overdragingsdokument som skildrar tilhøvet mellom kommunen og stiftinga. Rådmannen får delegert mynde til å inngå avtale om dette.

Turistinformasjonen vert lagt til dette bygget og skal ha ei sentral plassering. Det skal ikkje betalast leige for areal brukt til turistinformasjon.

Selje kommune har og ein intensjon om at bygget bør innehalde eit bibliotek. Korleis dette eventuelt kan integrerast og driftast vert å regulere i ei avtale mellom kommunen og stiftinga. Rådmannen får delegert mynde til å inngå avtale om dette.

Dersom stiftinga skulle oppløysast, skal det gamle kommunehuset tilbakeførast Selje kommune iht. til reglane i Stiftelseslova. For å sikre rettsvern må stiftingsdokumentet tinglysast.

Kommunen sin representant i stiftinga vert utpeika av rådmann.

Rådmannen representerer Selje kommune på stiftingsmøte 17.06.2015.

Framlegg frå FRP:

Viser til K-sak 49/14.

«Selje kommune vedtek å bruke det gamle kommunehuset som eit innskot/investering i ein

nyoppretta organisasjon med det førebelse arbeidsnamnet Selje Stad.

Huset skal romme aktivitetar knytt til kloster- og pilegrimssenter, turisme, prosjektorganisasjon mm.»

«Selje kommune føreset at ein må komme tilbake til ei høveleg organisering av selskapet/stiftinga, slik at ein på best mogeleg måte ivaretek Selje kommune sine interesser i framtida.»

Og gje/overdra huset til ein stiftelse for kr. 0 når det i regnskapet for 2014 er oppført i balansen med kr. 1 862 093,- må vere feil.

Selje kommune har i dag ein svak økonomi.

Bygget er i tillegg plassert på den beste tomte i sentrum.

Eigedomen som tilhøyrrer ei stifting, kan i framtid berre nyttast til stiftinga sitt føremål.

Øvste organ i stiftinga er styret. Den som teiknar seg, gjer frå seg råderetten over dei midlane som er sett inn. Det er motsatt av i eit aksjeselskap.

Det teikna beløpet gjev heller ikkje utbytte eller stemmerett.

Ut i frå eit samla syn og for at prosjektet skal fortsette, bør prosjektet organiserast som eit aksjeselskap med vedtekter og lover etter aksjeloven.

Aksjeeigarane i det nye selskapet er Selje kommune og den no etablerte stiftinga.

Det bør også opnast for deltaking/aksjekjøp for næringslivet og andre som kan ha interesse i å vere med i eit slikt prosjekt.

Røysting:

Prøverøysting1 :

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for

Framlegg frå Ordførar fekk 10 røyster for

Framlegg frå FRP fekk 4 røyster for

Blanke røyster: 3

Framlegg frå SP:

Selje kommune stiller det gamle kommunehuset til disposisjon for stiftelsen Selja og Stad.

Dette vert å sjå på som Selje kommune sitt bidrag i stiftinga. Huset forblir Selje kommune sin eigedom, men stiftinga står fritt til å gjere byggtekniske endringar for å tilpasse huset til framtidig tenleg drift. Husleige vert å setje til kr. null.

Som ein motytelse til dette skal stiftinga stille gratis areal til disposisjon for turistinformasjonen.

Stiftinga Selja og Stad står ansvarleg for alt naudsynt vedlikehald i avtaleperioden. Om stiftinga på eit seinare tidspunkt skulle få økonomi til å overta bygget, vert verdien sett til balanseført verdi kr. 1.862 093,23 pr. 31.01.15.

Avtalen kan ikkje overdragast til tredjepart.

Prøverøysting 2 :

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for

Framlegg frå Ordførar fekk 10 røyster for

Framlegg frå FRP fekk 4 røyster for

Framlegg frå SP fekk 3 røyster for.

Endeleg røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for

Framlegg frå Ordførar fekk 10 røyster for

Framlegg frå FRP fekk 4 røyster for

Framlegg frå SP fekk 3 røyster for.

KS-026/15 VEDTAK

Selje kommune overdrag det gamle kommunehuset til organisasjon under stifting med det førebelse namnet Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad. Dette som eit ledd i kommunen si satsing på ny aktivitet og det å kunne etablere eit kloster- og pilegrimssenter i Selje.

Når stiftinga er oppretta vert det å utarbeide eit overdragsdokument som skildrar tilhøvet mellom kommunen og stiftinga. Rådmannen får delegert mynde til å inngå avtale om dette.

Turistinformasjonen vert lagt til dette bygget og skal ha ei sentral plassering. Det skal ikkje betalast leige for areal brukt til turistinformasjon.

Selje kommune har og ein intensjon om at bygget bør innehalde eit bibliotek. Korleis dette eventuelt kan integrerast og driftast vert å regulere i ei avtale mellom kommunen og stiftinga. Rådmannen får delegert mynde til å inngå avtale om dette.

Dersom stiftinga skulle oppløysast, skal det gamle kommunehuset tilbakeførast Selje kommune iht. til reglane i Stiftelseslova. For å sikre rettsvern må stiftingsdokumentet tinglysast.

Kommunen sin representant i stiftinga vert utpeika av rådmann.

Rådmannen representerer Selje kommune på stiftingsmøte 17.06.2015.

Utskrift til:

Partar i saka



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	042/15
Eldrerådet	11.06.2015	008/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	008/15
Kommunestyret	15.06.2015	027/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-033	15/149

Delegeringsreglement - Selje kommune

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.06.2015	Forslag - Delegasjonsreglement for Selje kommune - sak FS 042.15.pdf	66450
02.06.2015	Eksist. Delegasjonsreglement for Selje kommune sak KS 032.09.pdf	66451

Saka gjeld

Revisjon av delegeringsreglementet og samordning med møtereglement

Opplysningar til saka

Eksisterande reglement er frå 29. april 2009 og det er behov for å oppdatere og samordne med andre reglement og vanleg praksis i kommunal sektor.

Kommunestyret handsama sak om politisk organisering 27.april. Driftsutvalet vart der nedlagt og utvala Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne slått saman til eit utval.

Hovudgrunnlaget for reglementet fylgjer av kommunelova og har som utgangspunkt;

§ 6. Kommunestyre og fylkesting.

Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.

Lova opnar for delegering til andre folkevalde organ etter ;

§ 8. Formannskap. Fylkesutvalg.

1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv henholdsvis formannskap og fylkesutvalg på minimum 5 medlemmer. Dette gjelder likevel ikke kommuner og fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styringsform.

2. Medlemmer og varamedlemmer til formannskap eller fylkesutvalg velges for fire år av og blant medlemmene av kommunestyret eller fylkestinget. Valget holdes som forholdsvalg når minst ett medlem krever det, og ellers som avtalevalg.

3. Formannskapet og fylkesutvalget behandler forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. For øvrig fastsetter kommunestyret og fylkestinget selv området for formannskapets og fylkesutvalgets virksomhet. Formannskapet og fylkesutvalget kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.

Og

§ 13. Utvidet myndighet i haste-saker.

1. Kommunestyret og fylkestinget kan selv bestemme at formannskapet eller fylkesutvalget, et fast utvalg, kommunerådet eller fylkesrådet skal ha myndighet til å treffe vedtak i saker som skulle vært avgjort av annet organ, når det er nødvendig at vedtak treffes så raskt at det ikke er tid til å innkalle dette.

2. Melding om vedtak truffet i medhold av denne paragraf forelegges vedkommende organ i dettes neste møte

§ 25. Partssammensatte utvalg - administrasjonsutvalg.

1. Det skal i alle kommuner og fylkeskommuner opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg - administrasjonsutvalg - for behandling av saker som gjelder forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver og de ansatte. Utvalg etter første punktum kan erstattes med andre ordninger dersom dette får tilslutning fra minst tre fjerdedeler av de ansatte.

2. Administrasjonsutvalget sammensettes av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.

3. For de ansattes representanter gjelder de vanlige valgbarhetsregler, bortsett fra bostedskravet.

4. For øvrig gjelder de samme bestemmelser som for andre faste utvalg.

§ 9.Ordfører. Fylkesordfører. Varaordfører.

5. Kommunestyret og fylkestinget kan gi ordfører og fylkesordfører myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.

Hovudtrekka i endringane inneberer prinsipp om at **rådmannen** leier den samla organisasjonen. Eller som omtalt i forarbeidet til kommunelova ;

De folkevalgte organer bestemmer gjennom sine vedtak hva som skal gjøres, mens administrasjonen bør gis stor grad av frihet til å bestemme hvordan oppgavene skal løses ...» (NOU 1990:13 s. 137).

Desse prinsippa er ytterlegare presisert i andre delar av forarbeidene. Dette leda fram til;

§ 23.Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet.

1. Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget fastsetter.

2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Desse prinsippa inneberer at kommunestyret delegerer til folkevalde organ eller rådmannen. Rådmannen vidaredelegerer internt i organisasjonen slik at oppgåvene vert løyst som del av sin lederfunksjon.

Lover/regelverk

Kommunelova

NOU 1990:13 (Forarbeider)

Finansiering

Saka har ingen direkte økonomisk konsekvens.

Sakshandsamar si vurdering

Grunnprinsippa for delegering som omtala over, er utgreidd og fastsett for snart 25 år sidan. Etter kvart er praksis utvikla slik at den fridom og det ansvaret som både ligg til kommunestyret som øverste organ og andre folkevalde organ og rådmann er tydeleggjort. Dei siste åra har drift av kommunane vorte stadig meir kompleks med nye oppgåver ei rekkje nye lovkrav og styrka rettar frå innbyggjarane. Det er utvikla og etablert forventningar til leing av organisasjonen som fag med omfattande kompetansekrav.

Det er også klargjort forventningar til folkevalde organ som «strategiske utval». Gje retning, formidle strategi, fastsetje overordna mål og kontrollere.

Grenseoppgang for delegering til rådmann fylgjer av kml § 23 pkt 4.

4. Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

Ei viktig grense her er spørsmål om kva som er saker av «prinsipiell betydning». I eksisterende og nytt reglement er dette spørsmålet via merksemd. Dersom ein er usikker skal dette drøftast med ordførar og/eller formannskap før vedtak vert fatta. Det er viktig å ikkje skape «maktkampar» kring desse avgjerslene, men heller vurdere på bakgrunn av kva som er funksjonell arbeidsdeling, i kva grad det er alternative framgangsmåtar og kva ein oppfattar er politisk arbeid og kompetanse.

Saksområdet til Driftsutvalet vert i praksis delvis delegert til formannskapet og delvis til rådmannen etter grunnprinsippet om prinsipielle saker.

Gjeldande møtereglement vert også endra ved at punkt som i dag står i dei som omfattar delegerte oppgåver vert tatt ut og overført til delegeringsreglementet. Møtereglementa vert redaksjonelt endra slik at punkt som gjeld delegerte oppgåver vert tatt ut slik at reglementa fokuserer på tema som fylgjer av kml. kap 6. Møtereglementa som gjeld eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert samordna.

Også ein del andre reglement må endrast. Innanfor arbeidsgjevarområdet er det ei lang rekke retningslinjer, reglement og tiltak som er vedteke av kommunestyret. Nokre av desse

inneheldt delegeringsbestemmelser. Rådmannen har eit ynskje om å forenkle og samle styringsdokumenta i ei personalhandbok for å sikre at dei er samstemte og gjev kommunestyret, leiarar og tilsette betre samla oversikt.

Konklusjon

Vedlagt framlegg til delegeringsreglement fylgjer av praksis i kommunane og vil sikre både folkevalde organ og rådmannen funksjonelle arbeidsvilkår.

Saksgang

Handsamast i Formannskapet. Vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret vedtek revidert Delegeringsreglement slik det framstår som vedlegg til saka. Møtereglementa vert samordna med nytt delegeringsreglement og vedteke i neste kommunestyremøte.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for og 2 røyster mot.

FS-042/15 FRAMLEGG

Som tilråding frå administrasjonen.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

3 voterande

Framlegg frå RFF:

Pkt. 2.2.1 vert ikkje endra.

Det må klargjerast, før vedtak i Kommunestyret, kva reell forskjell som ligg i at ordet einingane blir bytta ut med ordet rammeområda i pkt. 2.2.4 og 5.3 b og c.

Røysting:

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for. Samrøystes

RFF-008/15 VEDTAK

Pkt. 2.2.1 vert ikkje endra.

Det må klargjerast, før vedtak i Kommunestyret, kva reell forskjell som ligg i at ordet einingane blir bytta ut med ordet rammeområda i pkr. 2.2.4 og 5.3 b og c.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

Pkt. 2.2.1 vert ikkje endra.

Det må klargjerast, før vedtak i Kommunestyret, kva reell forskjell som ligg i at ordet einingane blir bytta ut med ordet rammeområda i pkr. 2.2.4 og 5.3 b og c.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes

ELD-008/15 VEDTAK

Pkt. 2.2.1 vert ikkje endra.

Det må klargjerast, før vedtak i Kommunestyret, kva reell forskjell som ligg i at ordet einingane blir bytta ut med ordet rammeområda i pkr. 2.2.4 og 5.3 b og c.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Framlegg frå FRP:

Delegasjonsreglementet for Selje kommune vedteke den 15. juni 2015 med følgjande endringar.

2.2.1.

Vedta den politiske organisasjonsstrukturen og hovudtrekka i den administrative.

2.2.4.

Kulepunkt nr. 1.

Mål og premissar for drifta er knytta til einingane.

Kulepunkt nr. 4.

Omprioriteringar mellom einingane når dei er av vesentleg eller prinsipiell art.

2.2.5.

Tilsetting, kommunestyret tilset og seier opp rådmann, rådgjevar og økonomileiar.

5.2. Personalsaker.

Punkt B. å tilsette i alle stillingar etter reglementet / Hovedavtalen.

5.3 Budsjettsaker.

Punkt B.

Å fordele kommunestyret sine vedtekne rammer for einingane vidare ut på tenester, ansvar og art i samsvar med oppgåver, organisasjon og myndestruktur.

Punkt C.

Å føreta mindre endringar mellom einingane når endringen fylgjer av rekneskap tekniske omsyn, eller flytting av oppgåver og at nivået på tenesten ikkje vert endra.

6.1. Administrativ tilbakerapportering.

Kulepunkt nr. 4.

Dersom det er tvil om utøving av delegert mynde, eller det er problem knytta til utøving av mynde, pliktar rådmannen å melde dette til formannskapet eller kommunestyret.

Framlegg frå SP:

Som administrasjonen sitt forslag til Delegasjonsreglement, men med følgjande endringar:

Pkt. 2.2.1

Vedta den politiske organisasjonsstrukturen og hovudtrekka i den administrative.

Pkt. 2.2.5 Tilsetting

Kommunestyret konstituerer, tilset og seier opp rådmann, rådgjevarar og økonomisjef (jmf. kommunelova §22).

Røysting:

Det vart røysta punktvis over forslaget til Delegasjonsreglement .

Punkt 1 til og med punkt 2.2:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes

Pkt. 2.2.1

Framlegg frå FRP og SP (same tekst) fekk 7 røyster for.
Framlegg frå Formannskapet fekk 10 røyster for.

Pkt. 2.2.4 – Kulepunkt 1 og 4:

Framlegg frå FRP fekk 6 røyster for
Framlegg frå Formannskapet fekk 11 røyster for.

Pkt. 2.2.5:

Framlegg frå FRP og SP (same tekst) fekk 7 røyster for.
Framlegg frå Formannskapet fekk 10 røyster for.

Pkt. 2.2.5 – 5.1

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes

Pkt. 5.2:

Framlegg frå FRP fekk 5 røyster for
Framlegg frå Formannskapet fekk 12 røyster for.

Pkt. 5.3:

Framlegg frå FRP fekk 5 røyster for.
Framlegg frå Formannskapet fekk 12 røyster for.

Pkt. 6.1:

Framlegg frå FRP fekk 6 røyster for.
Framlegg frå Formannskapet fekk 11 røyster for.

KS-027/15 VEDTAK

Kommunestyret vedtek revidert Delegeringsreglement slik det framstår som vedlegg til saka.
Møterelegementa vert samordna med nytt delegeringsreglement og vedteke i neste kommunestyremøte.

Utskrift til:

Partar i saka



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	27.05.2015	028/15
Formannskapet	03.06.2015	046/15
Eldrerådet	11.06.2015	010/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	010/15
Kommunestyret	15.06.2015	028/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-210	14/572

Årsrekneskap Selje kommune - 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	11.05.2015	Økonomisjefen	Årsmelding- og regnskapshefte 2014
4	I	22.05.2015	Vest Kontrollutvalssekretariat	Kontrollutvalet sak 16/15 - Kommunerekneskapen med årsmelding 2014

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.05.2015	Selje kommune Årsrekneskap 2014.pdf	65959
04.06.2015	Kontrollutvalet sak 16/15 - Kommunerekneskapen med årsmelding 2014.pdf	66546

Saka gjeld

Årsregnskapet 2014 for Selje kommune.

Opplysningar til saka

Viser til vedlagte årsregnskap 2014 for Selje kommune, samt revisjonsmelding fra kommunerevisjonen i Nordfjord.

Lover/regelverk

Kommuneloven § 48 og § 60.

Sakshandsamar si vurdering

Årsregnskapet 2014 består av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanse, økonomiske oversikter og noteopplysninger.

Driftsregnskapet viser et regnskapsmessig merforbruk på kr. 1 714 641,80.

Akkumulert regnskapsmessig merforbruk er kr 12 273 138,62.

Investeringsregnskapet er gjort opp i balanse.

Ved behandling av regnskapet må man vedta inndekking av merforbruket i drift. Inndekking av merforbruk skal, jf Kommuneloven § 48 nr 4, dekkes inn det året regnskapet blir lagt frem, eller i det følgende års budsjett. Kommunestyret kan, etter å ha gjort nødvendige endringer i økonomiplanen, vedta at merforbruket skal dekkes over inntil ytterligere to år. Det vises forøvrig til den vedtatte økonomiplanen for 2015-2018, hvor Selje kommune, etter departementets godkjenning, fikk anledning til å dekke inn tidligere års merforbruk fra årene 2012 og 2013 over en periode som overskrider 4 år.

Merforbruket for 2014 på kr 1 714 641,80 må tas inn i neste økonomiplanperiode, og dekkes inn i årene 2016-2018.

Saksgang

Handsaming i Driftsutvalet, Formannskapet. Endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Kommunestyret vedtar årsregnskapet 2014 for Selje kommune, med et regnskapsmessig merforbruk på kr 1 714 641,80, slik det ligger vedlagt.
2. Inndekking av regnskapsmessig merforbruk for 2014, blir å innarbeide i neste Økonomiplanperiode, og må dekkes inn i årene 2016-2018.

Handsaming i Driftsutvalet - 27.05.2015

Medlem Gunnar Silden gjekk frå møtet etter handsaming av sak 027/15.

5 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for. Samrøystes.

KU-028/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen .

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-046/15 FRAMLEGG

Som tilråding frå administrasjonen.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

3 voterande

Framlegg frå RFF:

RFF tek årsrekneskapen 2014 til vitande.

Røysting:

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-010/15 VEDTAK

RFF tek årsrekneskapen 2014 til vitande.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

Eldrerådet tek årsekneskapen 2014 til vitande.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-010/15 VEDTAK

Eldrerådet tek årsekneskapen 2014 til vitande.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Merknad frå FRP, dat. 15.06.15:

Viser til økonomisk oversikt drift.

Rekneskap driftsinntekter	225 371 079,-
Opprinnelig driftsinntekter budsjett	215 638 600,-
Auke i driftsinntekter	9 732 000,-
Driftsutgifter:	
Rekneskap, driftsutgifter	226 308 732,-
Rekneskap, utgifter budsjett	201 542 600,-
Sum driftsutgifter med avskrivninger	24 766 132,-

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-028/15 VEDTAK

1.Kommunestyret vedtar årsregnskapet 2014 for Selje kommune, med et regnskapsmessig

merforbruk på kr 1 714 641,80, slik det ligger vedlagt.
2. Inndekking av regnskapsmessig merforbruk for 2014, blir å innarbeide i neste Økonomiplanperiode, og må dekkes inn i årene 2016-2018.

Samrøystes.

Utskrift til:
Partar i saka



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	27.05.2015	029/15
Formannskapet	03.06.2015	047/15
Eldrerådet	11.06.2015	011/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	011/15
Kommunestyret	15.06.2015	029/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-210	14/572

Årsmelding Selje kommune - 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	11.05.2015	Økonomisjefen	Årsmelding- og regnskapshefte 2014
4	I	22.05.2015	Vest Kontrollutvalssekretariat	Kontrollutvalet sak 16/15 - Kommunerekneskapen med årsmelding 2014

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.05.2015	Selje kommune Årsmelding 2014.pdf	65958

Saka gjeld

Årsmelding 2014 for Selje kommune.

Opplysningar til saka

Rådmannen utarbeider hvert år en årsmelding i samsvar med § 48 nr 1 i kommuneloven. Årsmeldingen skal blant annet inneholde opplysninger om forhold som er viktige for å

vurdere kommunen sin økonomiske stilling, og resultatet av virksomheten som ikke går frem av årsregnskapet. Årsmeldingen blir lagt frem for kontrollutvalget, og til politisk behandling hos formannskapet og kommunestyret ifm. Behandlingen av årsregnskapet i juni. I tillegg til årsmeldingen, blir det laget en årsrapport som gir en mer detaljert oversikt og status over de ulike tjenestene i kommunen. Årsrapporten blir lagt frem for kommunestyret som egen sak.

Lover/regelverk

Kommuneloven § 48 nr. 1.

Saksgang

Handsaming i Driftsutvalet, Formannskapet. Endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret godkjenner årsmeldingen 2014 for Selje kommune, slik den ligger vedlagt.

Handsaming i Driftsutvalet - 27.05.2015

5 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for. Samrøystes.

KU-029/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-047/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

3 voterande

Framlegg frå RFF:

RFF tek Årsmelding 2014 til vitande.

Røysting:

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-011/15 VEDTAK

RFF tek Årsmelding 2014 til vitande.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

Eldrerådet tek årsmelding 2014 til vitande.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-011/15 VEDTAK

Eldrerådet tek årsmelding 2014 til vitande.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Merknad frå FRP, dat. 15.06.15:

Punkt 3.5 økonomisk resultat av drifta.

For å få lettare oversikt burde det vært ei kolonne til som viser opprinneleg budsjett.

Vi håper at dette kan være på plass til budsjett/rekneskap 2016.

Punkt 3.5.2 Politikk og sentraladministrasjon.

Her har vi eit overforbruk på 3,5 mill.

I følge Kostra tal fra SSB har Selje kommune netto utgifter til administrasjon og styring i kr. pr. person på kr. 7982,-. Kostragruppe 1 som er sidestilte kommuner, har 5 545,- pr. person.

Dette er en differanse på 2 437,- pr. person.

Selje kommune hadde ved årsskiftet 2752 personer i kommunen.

Etter Kostra sine tall vil netto utgifter til administrasjon og styring være spart med 6 706 624,- vist Selje kommune hadde same driftsutgifter som kommuner i gruppe 1.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-029/15 VEDTAK

Kommunestyret godkjenner årsmeldingen 2014 for Selje kommune, slik den ligger vedlagt.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	048/15
Eldrerådet	11.06.2015	012/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	012/15
Kommunestyret	15.06.2015	030/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-210	15/279

Årsrapport Selje kommune - 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	I	27.04.2015	Ellen Rundereim	Årsmelding 2014 - Flatraket skule
3	I	28.04.2015	Terje Nybakk	Årsmelding 2014 - KMT
2	I	29.04.2015	Margreth Rundereim	Årsmelding 2014 - NAV
1	I	30.04.2015	Ingrid Stave	Årsmelding 2014 - Familie og velferd
7	I	30.04.2015	Wenche Berget	Årsmelding 2014 - Servicekontoret
5	I	04.05.2015	Eli Eide Aarevik	Årsmelding 2014 - Turistinformasjon
6	I	05.05.2015	Eli Eide Aarevik	Årsmelding 2014 - Bibliotek
16	I	08.05.2015	Ragna Haaland	Årsmelding 2014 - Seljetunet
15	I	08.05.2015	Berit Olin Waage	Årsmelding 2014 - Flatraket barnehage
14	I	08.05.2015	Åshild Bruland	Årsmelding 2014 - Heimetenestene
13	I	08.05.2015	Sylvi Olsson	Årsmelding 2014 - Stadlandet skule
12	I	08.05.2015	Signy Muller	Årsmelding 2014 - Leikvang barnehage
11	I	08.05.2015	Nina Merdes Refsnes	Årsmelding 2014 - Selje barnehage
10	I	08.05.2015	Liv Wenche Sjøtun	Årsmelding 2014 - Psykiatri, Vernepleietenesta.
9	I	08.05.2015	Merete Nerland	Årsmelding 2014 - Eigedom
8	I	08.05.2015	Maria Helgesen	Årsmelding 2014 - MOT/ungdomsrådet

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.06.2015	Årsrapport 2014 Selje kommune - korrigert (20150608).docx	66674
02.06.2015	Årsrapport 2014 vedlegg FS 03.06.15.pdf	66439

Opplysningar til saka

Selje kommune utarbeider kvart år ei årsmelding i samsvar med § 48 nr.1 i kommunelova. Årsmeldinga skal m.a. innehalde opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat av verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen.

Årsmeldinga vert lagd fram for kontrollutvalet og kommunestyret saman med handsaminga av kommunerekneskapen i mai/juni.

I årsmeldinga finn vi og dei einskilte stab – og driftseiningane sine årsmeldingar som gir eit meir detaljert oversyn over tenester og bestemte satsingsområde.

Det å utforma årsrapport for kommunen for fjoråret er utfordrande dette året. Kommunen har gjennomgått store endringar og skifte av rådmann medfører at «forfattar/redaksjon» ikkje har erfaringar frå drifta i fjoråret. Dette fell saman med at vi i ein periode no i vår har svært avgrensa administrativ kapasitet til å fylle inn erfaringstal og data.

Vi har samla erfaringar frå tenestene og formidlar desse i denne rapporten saman med noko sentral informasjon frå kommunen som heilskap. Etter krava i kommunelova § 48 pkt 5 vil denne dette året vere noko mangelfull.

Reknskapstilbakemeldinga etter kommunelova § 48. 2 vert rapportert i eigen sak til kommunestyret.

Saksgang

Handsamast i Formannskapet og deretter i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret tek årsrapporten til vitring.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-048/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

3 voterande

Framlegg frå RFF:

Syner til tabell 4.8 «Likestilling» i sak 012/15 og tabell 3.3 i sak 011/15, der tal tilsette i Selje kommune er svært ulike, og bed om at rette tal vert sett inn i begge rapportane.

Røysting:

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-012/15 VEDTAK

Syner til tabell 4.8 «Likestilling» i sak 012/15 og tabell 3.3 i sak 011/15, der tal tilsette i Selje kommune er svært ulike, og bed om at rette tal vert sett inn i begge rapportane.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

Syner til tabell 4.8 «Likestilling» i sak 012/15 og tabell 3.3 i sak 011/15, der tal tilsette i Selje kommune er svært ulike, og bed om at rette tal vert sett inn i begge rapportane.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-012/15 VEDTAK

Syner til tabell 4.8 «Likestilling» i sak 012/15 og tabell 3.3 i sak 011/15, der tal tilsette i Selje kommune er svært ulike, og bed om at rette tal vert sett inn i begge rapportane.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Orientering:

Rådmann, dat. 08.06.15:

Oppdatert versjon av årsrapporten lagt ved saka etter handsaming i Formannskapet 03.06.15.

Merknad frå FRP, dat. 15.06.15:

Vi har merka oss:

Viser til økonomisk oversikt, og ser at det er svikt i skatt på inntekt og formue.

Budsjett, rekna ein med ei inntekt på	68 207 000,-
Regnskapet viste ei innkome på	58 241 794,-
Dette viser ei svikt på inntektssida på	9 965 206,-

Likevel har driftsinntektene ei auke:

Regnskap driftsinntekter	225 371 079,-
Opprinnelig driftsinntekter budsjett	215 638 000,-,-
Auke i driftsinntekter	9 732 000,-

Driftsutgiftene har ei sterk auke i forhold til budsjett.

Driftsutgifter:

Regnskap, driftsutgifter	226 308 732,-
Rekneskap, utgifter budsjett	201 542 600,-
Sum driftsutgifter med avskrivningar	24 766 132,-

Auke i renteutgifter	År 2010	4 998 000,-	År 2014	5 662 000,-
Kommunen sin kortsiktig gjeld	År 2010	28 003 000,-	År 2014	37 078 000,-
Kommunen sin langsiktig gjeld	År 2010	384 661 000,-	År 2014	532 033 000,-
Kommunen Lånegjeld langsiktig	År 2010	171 550 000,-	År 2014	202 951 000,-
<i>Driftslikviditet</i>	<i>År 2010</i>	<i>2 218 000,-</i>	<i>År 2014</i>	<i>- 10 635 000,-</i>

Kommunen sin likvide situasjon er svært anstrengt.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-030/15 VEDTAK

Kommunestyret tek årsrapporten til vitring.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	27.05.2015	030/15
Formannskapet	03.06.2015	049/15
Eldrerådet	11.06.2015	013/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	013/15
Kommunestyret	15.06.2015	031/15

Sakshandsamar Geir Kvisten	Arkiv FE-151	Arkivsak 14/438
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

Tertialrapport 1.tertial 2015

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.05.2015	Tertialrapport 1. tertial 2015..pdf	66273

Saka gjeld

Tertialrapport. 1. tertial 2015

Saksgang

Handsaming i Driftsutvalet, Formannskapet. Endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret tar 2. tertialrapport til orientering slik den ligger vedlagt.
Følgende budsjettendringer og vedtak foreslås:

1. Avsatte midler på 837 000 kroner til kommunens disposisjonsfond, overføres til rammeområdet for politikk og sentraladministrasjon.
2. Reservepost formannskapet på 100 000 kroner overføres til rammeområdet for politikk og sentraladministrasjon.
3. Kommunestyret vedtar at man skal iverksette en nedbemanning i kommunen, med sikte på å redusere antall årsverk i kommunen med inntil 5 årsverk.

Handsaming i Driftsutvalet - 27.05.2015

5 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for. Samrøystes.

KU-030/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Framlegg frå SP:

Som tilrådinga frå administrasjonen, men med endra pkt. 2:

Formannskapet skal fortsatt disponere eit reservefond på 50.000 kroner frå gjenstående midlar, jfr. budsjettet.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 3 røyster for.

Framlegg frå SP fekk 4 røyster for.

FS-049/15 FRAMLEGG

Kommunestyret tar 1. tertialrapport til orientering slik den ligger vedlagt.

Følgende budsjettendringer og vedtak foreslås:

1. Avsatte midler på 837 000 kroner til kommunens disposisjonsfond, overføres til rammeområdet for politikk og sentraladministrasjon.

2. Formannskapet skal fortsatt disponere eit reservefond på 50.000 kroner frå gjenstående midlar, jfr. budsjettet.
3. Kommunestyret vedtar at man skal iverksette en nedbemanning i kommunen, med sikte på å redusere antall årsverk i kommunen med inntil 5 årsverk.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

3 voterande

Framlegg frå RFF:

1.

RFF vil peike på at ordninga med betalt matpause ikkje er drøfta i rådmannen sin tertialrapport. RFF vil peike på at Selje kommune taper i størrelsesorden 5-10 årsverk ved denne ordninga.

2.

Reduksjon av sjukefråvær må vere ei prioritert oppgåve, for å få flest mogleg i arbeid, og såleis redusere kostnadsnivået.

3.

RFF vil gjere merksam på at endringsprosess 1, endra organisering, i heimetenester og vernepleietenester omfattar to forskjellige lovverk, og det må det takast omsyn til i prosessen.

Røysting:

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-013/15 VEDTAK

1.

RFF vil peike på at ordninga med betalt matpause ikkje er drøfta i rådmannen sin tertialrapport. RFF vil peike på at Selje kommune taper i størrelsesorden 5-10 årsverk ved denne ordninga.

2.

Reduksjon av sjukefråvær må vere ei prioritert oppgåve, for å få flest mogleg i arbeid, og såleis redusere kostnadsnivået.

3.

RFF vil gjere merksam på at endringsprosess 1, endra organisering, i heimetenester og vernepleietenester omfattar to forskjellige lovverk, og det må det takast omsyn til i prosessen.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

1.

Eldrerådet vil peike på at ordninga med betalt matpause ikkje er drøfta i rådmannen sin tertialrapport. Eldrerådet vil peike på at Selje kommune taper i størrelsorden 5-10 årsverk ved denne ordninga.

2.

Reduksjon av sjukefråvær må vere ei prioritert oppgåve, for å få flest mogleg i arbeid, og såleis redusere kostnadsnivået.

3.

Eldrerådet vil gjere merksam på at endringsprosess 1, endra organisering, i heimetenester og vernepleietenester omfattar to forskjellige lovverk, og det må det takast omsyn til i prosessen.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-013/15 VEDTAK

1.

Eldrerådet vil peike på at ordninga med betalt matpause ikkje er drøfta i rådmannen sin tertialrapport. Eldrerådet vil peike på at Selje kommune taper i størrelsorden 5-10 årsverk ved denne ordninga.

2.

Reduksjon av sjukefråvær må vere ei prioritert oppgåve, for å få flest mogleg i arbeid, og såleis redusere kostnadsnivået.

3.

Eldrerådet vil gjere merksam på at endringsprosess 1, endra organisering, i heimetenester og vernepleietenester omfattar to forskjellige lovverk, og det må det takast omsyn til i prosessen.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Merknad frå FRP, dat. 15.06.15 vart lagt fram i møtet:

Det er konkret foreslått ein stillingsreduksjon med inntil 5 årsverk innan utgangen av året. Helsetilbodet må skjermast.

Ut i frå tal i Kostra og den reelle situasjonen innan helse og omsorg må fokus oppretthaldast og antal årsverk behaldast.

Det kan kanskje vere nødvendig å auke bemanning for å ha eit verdig tenestetilbod for dei sjuke.

Framlegg frå SP:

Nytt punkt 1 og 2

Ein ynskjer ikkje bruke kommunens avsette midlar allereie no.

Ein vel å ikkje overføre avsetninga på 937.000 kroner frå kommunens disposisjonsfond til rammeområde politikk og sentraladministrasjon på noverande tidspunkt, ein forventar at rådmann/administrasjon arbeider vidare med busjett 2015 for å komme i mål.

Evt. overføringar til rammeområde politikk og administrasjon vert å ta oppatt ved 2. tertial behandling.

Røysting:

Framlegg frå SP fekk 1 røyst for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 16 røyster for.

KS-031/15 VEDTAK

Kommunestyret tar 1. tertialrapport til orientering slik den ligger vedlagt.

Følgende budsjettendringer og vedtak foreslås:

1. Avsatte midler på 837 000 kroner til kommunens disposisjonsfond, overføres til rammeområdet for politikk og sentraladministrasjon.
2. Formannskapet skal fortsatt disponere eit reservefond på 50.000 kroner frå gjenstående midlar, jfr. budsjettet.
3. Kommunestyret vedtar at man skal iverksette en nedbemanning i kommunen, med sikte på å redusere antall årsverk i kommunen med inntil 5 årsverk.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	050/15
Kommunestyret	15.06.2015	032/15

Sakshandsamar Geir Kvisten	Arkiv FE-250	Arkivsak 14/571
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

Rapport kommunens finansforvaltning pr. 1. tertial 2015

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.05.2015	Rapport finansforvaltningen pr. 30.04.pdf	66179

Saka gjeld

I henhold til kommunens finansreglement skal status for kommunens finansforvaltning rapporteres ved hvert tertial. Vedlagt følger rapport over kommunens finansforvaltning pr. 30.04.2015.

Saksgang

Endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 30.04.2015, vedtas til orientering

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-050/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes

KS-032/15 VEDTAK

Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 30.04.2015, vedtas til orientering.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	055/15
Eldrerådet	11.06.2015	014/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	014/15
Kommunestyret	15.06.2015	033/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-614	12/1117

Legekantor på Stadlandet

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	26.10.2012	Dragebygg AS; Bygger`n Selje; Nordvestvinduet; Bygg og byggvarer AS; XL-BYGG Måløy	Prisførespurnad dører og vindauer
2	I	28.04.2013	Stadlandet VVS AS	Tilbud varmtvannsberedarar
3	I	28.07.2014	Dragebygg AS	Tilbod på oppgradering av Stadlandet legekantor
4	I	05.11.2014	Gunn Sande	Teikning - Forslag til enkel ombygging og forbedring av Stadlandet legekantor
7	I	09.03.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Rekneark revisjon 3 - Stadlandet legekantor
8	I	13.03.2015	Selje eldreråd v/Johan Kroken	Vedk. F-sak 018/15 Legekantor på Stadlandet
9	I	17.03.2015	Stadlandet bedriftsforening	Vedk. sak FS 018/15 - Legekantor på Stadlandet
10	I	18.03.2015	Helsesekretærene på legekontora	Presisering vedk. sak FS 078/14
12	I	15.06.2015	Stein-Ove Refsnes	Status på andelslag innskudd og

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Sidan legekantoret på Stadlandet vart mellombels stengt sumaren 2014, har det vore arbeid med å klarleggje kva utbetringar som må gjennomførast for å kunne gjenopne kantoret. Kommunestyret har i sak 078/14.. vedteke;

KS-VEDTAK

Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike at sak 15/14 «Evaluering av eitt legekantor i Selje kommune» ikkje er tilfredsstillande saksutgreidd. M.a. er fleire av innspela i saka ikkje vurdert.

Råda vil difor tilrå at prøveperioden vert utvida til 29.03.15, veke 13/2015.

Saka vert difor å ta opp att i god tid før prøveperioden er ute, slik at kantoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Saka vert difor å ta opp igjen i kommunestyret i februar, slik at kantoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Administrasjonen er no litt på etterskot (eit kommunestyremøte) når saka no vert førebudd for handsaming i kommunestyret i april. Dette har si årsak i skifte av rådmann og ynskje om å kunne gå inn i saka med grunnlag for evt ny vurdering og tilråding. Rådmannen ynskjer at denne saka no vert handsama i formannskapet i mars, slik at evt innspel derifrå kan innarbeidast i sak til kommunestyret.

Opplysningar til saka

Saka er relativt grundig utgreidd med tanke på å opne eit legekantor som stettar dagens krav til arbeidsmiljø og pasientsikkerheit. Dette er framlagt kommunestyret tidlegare bl.a i ksak 078/14 om evaluering av eit legekantor i kommunen. Tilsette og legane er relativt samstemte i at det vil vere ein fordel å drive legeteneste frå eit kontor i kommunen. Administrasjonen og rådmannen er tydeleg på at det å drive ei robust legeteneste er utfordrande i mindre kommunar som Selje. Det å drive legeteneste frå to kontor vil svekke fagmiljø, beredskap og derved kvalitet for alle pasientane.

Problemstillinga vert aktualisert no ved at kantoret på Stadt treng utbetringar. Det er gjennomført fleire vurderingar om kva krav vi må sette til fysisk utforming av eit legekantor. Rådmannen har vurdert utgreiingane av behov for utbetringar av kantoret. Desse er grundige og vil støtte krav sett til arbeidsmiljø og pasientsikkerheit.

Lover/regelverk

Aml kap 4
Forskrift om offentlige anskaffelser
Fvl spesielt § 13
Helsepersonellova spesielt § 21
Diskriminerings og likestillingslova (tilgjenge)

Finansiering

Kommunestyret må utifrå eigen prioritering handsame sak om prioritering innanfor totalbudsjettet for finansiering av ombygging/utbetring.

Sakshandsamar si vurdering

Saka er utfordrande for rådmannen. Utfordringane er ikkje spesielt knytta til spørsmålet om å ha legekontor på Stadtlandet, men usemje og usikkerheit knytt til kostnader ved å utbetre kontoret. I berekningane administrasjonen tidlegare har utarbeida kjem det fram eit kostnadsnivå på kring 1,5 mill for å utbetre kontoret til akseptabel standard. Andre har rekna på det same og presenterer kostnader som ligg langt lågare.

Rådmannen vurderer behov for utbetringar etter fylgjande prioritet;

Må – utbetringar

1. Sikring av teieplikt etter fvl og helsepersonellova
2. Sikring av tilgjenge etter diskriminerings og likestillingslova
3. Sikring av minimumskrav etter arbeidsmiljølova (varme, lys, ventilasjon, sikkerheit)
4. Hygiene (rein/urein sone, kjøkken/spiserom, lab mv)

Bør – utbetringar

5. Skifte varmeanlegg (høge driftskostnader i eksisterande)
6. Generell oppussing (golvbelegg, maling osv)
7. Funksjonalitet utover krav i må utbetringar
8. Etablering av tilkomst/areal til akuttberedskap/daglegevakt

Må- utbetringane fylgjer direkte av lovgjevinga. Vi kan ikkje drive eit legekontor utan at tilsette er trygg på at pasientar og/eller dei sjølv har kontroll på informasjon som vert formidla på kontoret. Dette betyr at alle kontor og areal pasientar oppheld seg saman med helsepersonell må vere lydsikra. Det betyr også at alle informasjon må oppbevarast sikkert.

Diskriminerings og likestillingslova seier «så langt det er muleg» om tilgjenge og tilrettelegging. I dette tilfellet er det muleg, og det vil medføre utbetringar av tilkomst og storleik på rom/korridorar og wc.

Arbeidsmiljølova skisserer ei rekkje krav til det fysiske arbeidsmiljøet. I kontakt med arbeidstilsynet er situasjonen med gjenopning av eit kontor som har vore i drift drøfta. På bakgrunn av desse drøftingane er punkta 3 og 4 sett under «må» utbetringar over.

I tidlegare utgreiingar er ein del krav og areal knytta til øh – funksjonar ved å leggje daglegevakt til areala. Pga kostnader ved å gje dette tilbodet her, er dette flytta ned på prioriteringslista. For å unngå kostnader til dette, vil lege i arbeid ved dette kontoret ikkje ha legevakt. Vi vil då også ikkje ha tilsvarande behov for å ha to legar i arbeid ved kontoret.

I forskrift om offentlege anskaffelser er framgangsmåte ved bla bygge og utbedringsarbeider omtalt. Det er her ulike terskelverdier som gir ulike krav til framgangsmåte. Til grunn for val av framgangsmåte ligg då eit anslag av kostnader ved arbeidet. Dette anslaget er kalkulert i tidlegare saksutgreiing. Investeringskostnader til ulike delar ligg ved denne saka. Etter førebels ny kalkulasjon for å stette lovmessige krav samt å ta ut legevaktilbod her, vil storleik kostnader vere om lag ein million. Etter forskrifta vil det krevje innhenting av pristilbod frå minimum tre godkjendte leverandørar og offentleggjering i Doffin.

Rådmannen oppfatter at kommunestyret har eit sterkt ynskje om å gjenopne legekantoret på Stadt. Før det kan skje må kantoret utbetrast.

Framdrift

1. Kommunestyret vurderer saka på ny. I denne vurderinga må kommunestyret ta stilling til faktisk gjennomføring av prosjektet.
2. Dersom kommunestyret vedtek å gjennomføre utbetringar med tanke på gjenopning, førebur administrasjonen ein kravspesifikasjon som inneheldt utbetringar slik at lovmessige krav vert stetta.
3. Det vert innhenta anbod/arbeidet vert lagt ut for konkurranse etter reglane i Forskrift for offentlege anskaffelser (FOR-2006-04-07-402)
4. Når prisar er innhenta vert desse handsama på ordinær måte etter forskrifta. Før det vert inngått kontrakt på arbeidet må kommunestyret sikre finansiering. Dette må handsamast som del av arbeidet med budsjettrevisjon.

Konklusjon

Formannskapet vurderer saka på grunnlag av nye opplysningar og gjev administrasjonen innspel i høve vidare utgreiing. Kommunestyret i april må ta stilling til om arbeid med anbudsgrunnlag/innhenting av prisar skal gjennomførast.

Saksgang

Formannskap 18. mars og 15. april. Kommunestyre 27. april.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

.....

Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015

7 voterande

E-post, dat. 16.03.15, m/vedlegg frå Stadlandet Bedriftsforening vart lagt fram i møtet.

Saksgang - endring

Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal handsame /gje uttale i avtalt nytt møte 09.04.15

Formannskapet 15.04.15

Kommunestyret 27.04.15

Framlegg frå ordførar

Saka vart drøfta. Formannskapet gav innspel til vidare utgreiing.

Røysting

Framlegg frå ordførar fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-018/15 FRAMLEGG

Saka vart drøfta. Formannskapet gav innspel til vidare utgreiing.

Innspel etter formannskapsmøte 18. mars.

Prinsipp ved å leggje prosjektet ut på anbud.

Formannskapet retta spørsmål om det er muleg å dele opp prosjektet slik at det vert betre tilpassa ynskje om å kunne bidra med dugnad/gåver mv. Eksempelvis ved å ta ut delar av fast inventar (kjøkken). Forskrifta er tydelege på at prosjekt ikkje skal delast opp for å redusere omfanget. Eit anna spørsmål var korleis eit anbud som baserer seg på delvis dugnad dvs ubetalt arbeidskraft vil verte vurdert samanhalde med andre anbud.

Vi har her samråda oss med jurist på feltet. Det grunnleggjande prinsippet er at konkurransegrunnlaget skal vere likt for alle potensielle anbydarar. Det vert fråråda å ta inn dugnad eller uløna arbeidskraft. Byggherre har ansvar for å sikre at HMS regelverk, lønnsvilkår osv stettar forskriftene sine krav. Dersom dette vert oppfatta som sosial dumping vil det uansett vere ulovleg. Dette kan vere tilfelle når ulike firma kan verte utkonkurrert (delvis) av uløna arbeidskraft.

Finansiering

Eit anna av spørsmåla formannskapet ynskte utgreidd var finansiering av utbetringane. Dette er eit vanskeleg tema slik den økonomiske situasjonen no er. Dersom dette skal la seg gjere må det vurderast som ein del av budsjettrevisjon i juni møtet i kommunestyret. Spørsmål om låneopptak til dette føremålet er også drøfta med

fylkesmannen. Det er i utgangspunktet lagt begrensningar på låneopptak og spesielt til investeringar som ikkje medfører reduserte driftskostnader. Spørsmålet må realitetshandsamast konkret men signalet er at det ikkje vil verte godkjendtt låneopptak til dette føremålet då det heller vil auke enn redusere driftskostnader. Før prosjektet vert lagt ut for anbud skal oppdragsgjevar ha sikra finansiering dvs vere trygg på at prosjektet let seg gjennomføre. I høve budsjett 2015 kan rådmannen no ikkje konkret fremje forslag på inndekking av kostnadene.

Drift

Eit anna spørsmål knytta til opning av legekantoret er konsekvensar for drift. Å drifte sjølve kantoret har kostnader på om lag; Straum: 70.000,- (inkl. mva), Kommunale avgifter: 10.000,- (inkl. mva) , Brøyting: 5.000,-, Reinhold: 25.000,-, løpande vedlikehald 10.000,- Det må etablerast ein betalingsterminal om lag som den på Selje legekantor med kostnad ca 60.000,- i året (5000,-/mnd)

Slik fordelinga no er av legeressursar kan onsdag som kontordag på Stadt vere vanskeleg då vi har i periodar berre ein av tre legar i kurativ teneste då. Ved å sikre legevakt på Selje legekantor må denne legedagen (onsdagar) flyttast. Rådmannen oppfattar at det er viktigast å sikre to legedagar ved kantoret i veka.

I formannskapet kom det også fram synspunkt om at administrasjonen/kommunen må verte betre til å ivareta det engasjementet og ynskjet om å bidra som ligg i lokalsamfunnet når det gjeld å få opna og drifta legekantoret på Stadt. Rådmannen har vurdert dette innspelet både med tanke på å dele opp prosjektet, å vurdere positivt anbud som inkluderer dugnad/uløna arbeidskraft og andre alternativ. I formannskapet kom det også spørsmål om det kan vere eit alternativ å overdra bygget til andre/private som rustar opp bygget. Kommunen kan då inngå leigeavtale for drift av legekantor. I utgangspunktet vil det vere det beste om kommunen sjølv har hand om bygget som eigar. Dette er ei svært viktig teneste som krev areal kommunen har best mogeleg «kontroll» på. På bakgrunn av dei økonomiske vanskane vi har som kommune og dei bindingane kommunen er pålagt i høve å gjennomføre anbudsprosessar, kan dette likevel vere einaste måten å no få realisert kommunestyret sitt vedtak om å opne kantoret. Dette forutset at vi har ein interessent som kan påta seg oppgåva med å ruste opp og stå som eigar av bygget. På denne måten kan ein både sikre medvirkning frå lokalsamfunnet og sikre finansiering av investeringane som er naudsynte. I forkant vil kommunen då spesifisere krav til kvalitetar i bygget som gjort i vedlegg til sak i forrige formannskap.

Då dette er ei såpass krevjande sak (av prinsipiell betydning jmf kommunelova) vil det vere naturleg at inngåing av leigeavtale og vilkår vert eigen sak delegert til formannskapet.

Handsaming i Driftsutvalet - 08.04.2015

6 voterande

Framlegg frå TP:

TP går inn for eitt legekantor i Selje kommune. Ein er vidare i mot å avhende bygningssmassen med den hensikt å drifte kommunalt finansiert legekantor.

Røysting:

Framlegg frå TP fekk 3 røyster for og 3 røyster mot.

Leiaren si dobbelrøyst gjorde at framlegget frå TP falt.

KU-018/15 FRAMLEGG

Som framlegg frå Formannskapet 18.03.15

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.04.2015

3 voterande

Framlegg frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Ideelt sett ønskjer vi 2 legekantor i Selje kommune.

Ut frå utfordringar i kommuneøkonomi og samfunnsutvikling som utfordrar drifta er det viktig at vi no ikkje rustar opp eit nytt doktorkantor for så å legge det ned igjen.

Det som er viktig er at enkle doktortjenester vert nær brukaren.

Røysting:

Framlegg frå Rådet fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-004/15 VEDTAK

Ideelt sett ønskjer vi 2 legekantor i Selje kommune.

Ut frå utfordringar i kommuneøkonomi og samfunnsutvikling som utfordrar drifta er det viktig at vi no ikkje rustar opp eit nytt doktorkantor for så å legge det ned igjen.

Det som er viktig er at enkle doktortjenester vert nær brukaren.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 09.04.2015

3 voterande

Framlegg frå Laila Bødal:

Legekontoret på Stadlandet vert opna igjen, 2 dagar i veka.
Dette spesielt med tanke på tilbudet til dei eldre på Stadlandet.

Framlegg frå Johan Kroken:

Under føresetnad av at det vert sikra DAG-legevakt fem dagar i veka ved legekontoret i Selje, vert legekontoret på Leikanger opna så snart dei nødvendige tekniske endringane ved kontoret er utført.

Røysting:

Framlegg frå Laila Bødal fekk 2 røyster for.
Framlegg frå Johan Kroken fekk 1 røyst for.

ELD-004/15 VEDTAK

Legekontoret på Stadlandet vert opna igjen, 2 dagar i veka.
Dette spesielt med tanke på tilbudet til dei eldre på Stadlandet.

13.04.15 - Oppsummering, konklusjon og tilråding frå rådmannen:

Oppsummering

Sidan januar har administrasjonen greidd ut og fulgt opp vedtak i kommunestyret i denne saka. Vedtaket indikerar fleire moment.

- Det er ynskje om utfyllande utgreiingar og
- Tanken, føremålet er at kontoret skal opne frå 1. april.

Den største utfordringa er at vedtaket ikkje er fulgt opp med bevilling i budsjett.

Kva er gjort.

Det er i punktet i vedtaket om meir utgreiing, ikkje spesifisert kva dette gjeld.
Administrasjonen har i haust presentert saka etter eigen oppfatning som forsvarleg utreda.
Administrasjonen har derfor utfordra alle involverte utval, Formannskap, Driftsutval ,

Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonevne å kome med innspel og ynskje om vidare utgreiingar.

Formannskapet har vore konkret på ei rekkje spørsmål dei ynskjer utgreidd. Dette er lagt inn i saka.

Ulike tema

Konsekvensar for pasientar.

Eit av mange tema har vore og er konsekvensar for pasientar i ulike delar av kommunen. Det er hevda at pasientar frå nordre del av kommunen vil ha for lang og tungvindt reiseveg dersom dei må reise til lege i Selje. Det er også hevda at når det to dagar for veka berre er daglegevakt/legekontor på Stadt, vil dette medføre tungvindt og lang reiseveg for pasientar sør i kommunen.

Reiseveg og praktiske sider ved å komme til lege er vektlagt og er ein av grunnane til at det i «revidert» opplegg til formannskapet er lagt opp til at det skal vere legevakt på Selje og ikkje på legekantoret på Stadt. Dette vil avgrense ulempene for andre delar av kommunen.

Konsekvensar for dem faglege og praktiske drifta

Dette tema er orientert om tidlegare. Selje kommune har slik vi kjenner til i lange periodar hatt omfattande rekrutteringsvanskar for legar. Det å sikre drift i eit kontor og leggje til rette for fagmiljø er både i det daglege og rekrutteringsmessig ein stor styrke. Undersøkingar blant nyutdanna legar syner at det å inngå i eit fagmiljø er ein av dei sterkaste kriteria når ein vel framtidig arbeidsplass.

Praktisk vil det også vere negativt å drive to kontor i høve eit sentralt kontor.

Konsekvensar for økonomi

Dette er nok det tema som har utfordra administrasjonen mest i høve kommunestyrevedtaket. Dette fordi det ikkje er bevilga pengar til naudsynte investeringar og drift. Rådmannen har drøfta spørsmål om låneopptak med fylkesmannen. Investeringar som ikkje påviseleg medfører reduserte driftskostnader vil i utgangspunktet ikkje verte godkjendt. Administrasjonen har hatt ein ny gjennomgang av investeringsbehova for å forsøke å leggje til rette for å kunne gjennomføre vedtaket. (jmf vedlegg til formannskapet). Det vil uansett ikkje vere mogeleg å opne kontoret utan til dels omfattande opprusting av areala.

I tillegg er det formidla omfang av driftskostnader som ikkje er inndecka. Rådmannen er oppmoda av formannskapet å foreslå inndecking av desse kostnadene. I høve budsjettvedtaket samla sett med dei redusjonar som allereie ligg inne er det ikkje mogeleg å foreslå inndecking dvs andre områder som då må ytterlegare reduserast.

Samfunnsmessige konsekvensar/andre moment

Det er eit stort engasjement blant tilsette og innbyggjarar i denne saka. Det har vore viktig å

presisere at det er kommunestyret som vedtek om vi skal ha legekantor på Stadt. Det har derfor vore viktig å ikkje trekkje inn tilsette i diskusjonane og derved gjere dei til ein «part» i prosessen.

Formannskapet oppfordra rådmannen på sist møte å verte betre til å ivareta det engasjementet og den ressursen det er å ha eit så stort ynskje om eit legekantor på Stad i nordre del av kommunen. Det er utgreidd ulike alternativ for å imøtekomme dette innspelet. I saka er det utgreidd høve til å delta på dugnad osv som alternativ for å redusere kostnadene og dra nytte av denne ressursen. Det er også hevda at stenging av legekantoret på Stadt har negative ringverknader for næringslivet på Leikanger.

Etter rådmannen si oppfatning er dette kanskje det viktigaste momentet for å forsøke å få til drift på dette legekantoret. Vi opplever ei «splitting» i kommunen som er negativ på fleire områder. Å leggje ned kontoret permanent vil kunne auke denne splittinga og vanskeleggjere andre naudsynte utviklingsprosessar.

Konklusjon

Dette er ei krevjande sak for både det politiske og administrative miljøet. Den har i periodar vore prega av høg temperatur og stort engasjement. Kommunen er no og dei næraste åra framover, etter rådmannen si vurdering, ikkje i ein økonomisk situasjon som tillet å opne eit legekantor på Stadt. Dette gjeld både av investeringsmessige, driftsmessige og faglege omsyn.

I denne konklusjonen er omsyn til pasientar (reiseveg/praktiske sider) engasjementet i nordre del av kommunen, konsekvensar for næringslivet avvegd mot dei negative konsekvensane dette vil medføre.

Tilråding

På grunn av den utfordrande økonomiske situasjonen Selje kommune er i, vil ei opning av legekantoret på Stadt ikkje vere mogeleg å gjennomføre dei næraste åra.

Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015

7 voterande

Framlegg frå FRP, SP, UAVH, KRF:

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Bygget blir å overdra til selskap under stiftelse for kr. 1000, til BYGDAS BESTE (same ordlyd som andre bygg overdratt frå kommunen til bygder).

Kommunen inngår leigeavtale for drift av legekantoret med det nyetablerte selskapet.

På denne måten kan ein både sikre medvirkning frå lokalsamfunnet og sikre finansiering av investering som er naudsynte.

Røysting:

Framlegget frå FRP, SP, UAVH, KRF fekk 5 røyster for.

Tilråding frå rådmann fekk 2 røyster for.

FS-026/15 FRAMLEGG

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Bygget blir å overdra til selskap under stiftelse for kr. 1000, til BYGDAS BESTE (same ordlyd som andre bygg overdratt frå kommunen til bygder).

Kommunen inngår leigeavtale for drift av legekantoret med det nyetablerte selskapet.

På denne måten kan ein både sikre medvirkning frå lokalsamfunnet og sikre finansiering av investering som er naudsynte.

Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015

17 voterande

Fremjing av framlegg og avstemmingar slik det gjekk fram i møtet:

Framlegg frå Gunn Sande, Toril Sande, Eva Janne T. Årvik, Laila Bødal, Svein Hansen, Anne Lise Drage, Kenneth Brandal, Roar Finnseth, Raymond E. Myren:

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Kommunen inngår leigeavtale for 5 år.

Bygget blir å overdra til Selskap under stiftelse for kr. 1.000, alternativt vil bygda tilby kommunen anna eigna lokale å bruke til legekantor.

Restaureringa er «må»oppgåver som rådmann har pålag.

Interimstyret får tid fram til 15.06.15 med å få finansierte oppgraderinga.

Kostnadsdifferanse drift 1 og 2 legekantor leggst fram 15.06.15.

Framlegg frå AP:

Selje kommunestyre går inn for å utsette saka om «Legekontor på Stadlandet».

Dette med begrunnelse i den usikkerhet som har komme fram om økonomi.

Vi ber om at administrasjonen greier ut konsekvensar for den økonomiske konsekvens 2 legekontor vil gje.

Røysting:

Framlegg frå AP fekk 8 røyster for 9 røyster mot.

Saka skal dermed realitetshandsamast.

Framlegg frå AP og TP:

På grunn av den utfordrande økonomiske situasjonen Selje kommune er i, vil ei opning av legekontoret på Stadt ikkje vere mogeleg å gjennomføre dei næraste åra.

Røysting:

Framlegg frå AP og TP fekk 8 røyster for og 9 røyster mot.

Framlegg frå Formannskapet 15.04.15 fekk 0 røyster for. Samrøystes.

Framlegg frå **Gunn Sande, Toril Sande, Eva Janne T. Årvik, Laila Bødal, Svein Hansen, Anne Lise Drage, Kenneth Brandal, Roar Finnseth, Raymond E. Myren** fekk 9 røyster for og 8 røyster mot.

KS-017/15 VEDTAK

Det skal fortsatt vere 2 legekontor i Selje kommune.

Kommunen inngår leigeavtale for 5 år.

Bygget blir å overdra til Selskap under stiftelse for kr. 1.000, alternativt vil bygda tilby kommunen anna eigna lokale å bruke til legekontor.

Restaureringa er «må»oppgåver som rådmann har pålag.

Interimstyret får tid fram til 15.06.15 med å få finansierte oppgraderinga.

Kostnadsdifferanse drift 1 og 2 legekontor leggst fram 15.06.15.

Nye opplysninger i saken

Saksutredning:

Vedtak i kommunestyret inneberer attendemelding på kostnadsdifferanse for drift av eit eller to legekontor.

Dette er tidlegare opplyst i saka og syner tilleggskostnader slik;

Straum: 70.000,-

Kommunale avgifter: 10.000,-

Brøyting: 5.000,-

Reinhald 25.000,-

Vedlikehald: 10.000,-

Betalingsterminal: 60.000,-

Det er ikkje rekna auka lønsutgifter til drift. Det er omtala drift av to kontor i driftsavtale med legane vi no har og hjelpepersonell er knytt til antal legar.

Ny informasjon i høve tidlegare saksutgreiing.

Vi er no i forhandlingar med legane her om nye driftsavgiftar. Vi har no ein lege som er langtidsjukemeldt og har store vanskar med å rekruttere vikar. Som siste utveg er det inngått avtale med bemanningsfirma for å sikre dette. Også bemanningsfirma har no vanskar med å sikre vikar til oss. Driftsavgiftar med dei andre inneberer at vi har kurative legetenester tilsvarende 140 % dvs 7 vekedagar. Vi har no sikra vikar i ein periode som vil ha 5 kurative dagar. Som tidlegare informert frå rådmannen har vi ei legeteneste som er sårbar ved sjukefråvær, opplæring eller om nokon skulle slutte.

Vi har også klarlagt den økonomiske situasjonen kommunen er i jmf sak om tertialrapport. Denne må ha fokus på driftsreduksjonar i tenester.

Vurdering:

Ny situasjon med redusert legedekning og usikker bemanning og den økonomiske situasjonen vi er i understrekar og opprettheldt rådmannen si tilråding.

ADMINISTRASJONSSJEFENS INNSTILLING TIL VEDTAK:

På grunn av den utfordrande økonomiske situasjonen Selje kommune er i, samt usikker bemannings situasjon vil ei opning av legekantoret på Stadt ikkje vere mogeleg å gjennomføre dei næraste åra.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Administrasjonssjefen si innstilling til vedtak fekk 3 røyster for og 4 røyster mot.

FS-055/15 FRAMLEGG

Som vedtak i KS 017/15

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

Orientering:

RFF hadde ved handsaming av saka kun 2 av 5 representantar til stades og dermed ikkje vedtaksført.

Saka vart ikkje handsama.

RFF-014/15 VEDTAK

RFF hadde ved handsaming av saka kun 2 av 5 representantar til stades og dermed ikkje vedtaksført.

Saka vart ikkje handsama.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Johan Kroken:

Som administrasjonssjefen si innstilling.

Framlegg frå Svein Hansen:

Som vedtak i sak KS 017/15

Røysting:

Framlegg frå Johan Kroken fekk 1 røyst for.
Framlegg frå Svein Hansen fekk 3 røyster for.

ELD-014/15 VEDTAK

Som vedtak i sak KS 017/15

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Orientering:

E-post, mottatt 15.06.15 frå Interimstyret - Andelslaget Stadlandet Legekontor v/Stein Ove Refsnes motteke og levert i møtet. Ordførar orienterte om innhaldet.

Ordførar orienterte om:

Motteken e-post frå Stadlandet Bedriftsforening v/Nils Per Sjøstad, der dei tar avstand og stiller seg ikkje bak «dødsannonse».

Ordførar orienterte om telefonsamtale med redaktør Erling Våge i Fjordenes Tidende der han beklaga «dødsannonsa».

Framlegg frå TP, AP, KRF, H:

1.

Grunna den pressa situasjonen i Selje kommune sin totaløkonomi, samt eit stort investeringsbehov i det gamle doktorkontorbygget, ser vi oss nøydde til å gå for nedlegging av Stadlandet doktorkontor.

2.

Kommunestyret ber om ny sak der ulike alternativ for ny bruk av bygget vert vurdert. Saka bør kome opp i kommunestyret haust 2015.

3.

Utredning i forhold til enkelte sjukepleiartenester for eldre og kronikarar på Stadlandet.

Framlegg frå FRP:

Viser til e-post frå interimstyret v/Stein Ove Refsnes, dat. 14.juni 2015.

Interimstyret fortset arbeidet under same forutsetningar inntil det er avklaring om fortsatt

drift ved kontoret, seinast 31.12.2015.

Doktorkontoret på Stadlandet som er ein av dei viktigaste tenestene som er viktig å behalde, for å sikre tilflytting og vekst i framtida på nordsida av kommunen.

Det skal fortsatt være 2 doktorkontor i Selje kommune.

Bygget kan selges til et selskap (kanskje AS), utgangspunkt for salget skal være bygget sin balanse i regnskapet 2014 som var kr. 569.000,-.

Restaureringa av bygget er «må» oppgåver som Rådmannen har pålagt.

Alternativ kan det nyoppretta selskapet tilby nye (andre godkjente lokaler).

Det nyoppretta selskapet og Selje kommune må ha ei ferdig forhandla avtale som blir lagd fram for kommunestyret til godkjenning i budsjettmøte i slutten av året 2015.06.16

Røysting:

Framlegg frå TP, AP, KRF,H fekk 10 røyster for.

Framlegg frå FRP fekk 7 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet (03.06.15) fekk 0 røyster for.

KS-033/15 VEDTAK

1.

Grunna den pressa situasjonen i Selje kommune sin totaløkonomi, samt eit stort investeringsbehov i det gamle doktorkontorbygget, ser vi oss nøydde til å gå for nedlegging av Stadlandet doktorkontor.

2.

Kommunestyret ber om ny sak der ulike alternativ for ny bruk av bygget vert vurdert. Saka bør kome opp i kommunestyret haust 2015.

3.

Utredning i forhold til enkelte sjukepleiartenester for eldre og kronikarar på Stadlandet.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	034/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ottar Nygård	TI-&13	15/310

Uttale til høyring - Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	30.03.2015	Kulturdepartementet	Høring - Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker.
3	I	12.05.2015	KRF v/gruppleiar Gunn V. Helgesen	Uttale til høyring

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.06.2015	Framlegg til høringssvar frå Selje kommune.docx	66751

Saka gjeld

Regjeringa har sendt på høyring eit framlegg om endringar i heilagdagslova for å tillate søndagsopne butikkar. Frist for slik høyring er 30.06.2015.

Opplysningar til saka

Regjeringa sin politiske plattform (Sundvolden- erklæringa) seier at regjeringa vil *tillate butikker å holde åpent på søndager*, og at regjeringa *sammenn med partene i næringslivet vil vurdere hvordan de butikkansatte kan bli omfattet av et godt lovverk når det gjelder arbeidstid og medbestemmelse*.

Kulturdepartementet gjer på denne bakgrunn framlegg om endringar i lov av 24. februar 1995 nr 12 om heilagdagane og heilagdagsfred (heilagdagslova) § 5 om sal frå faste utsalsstadar. Endringsframlegget vil føre til at butikkane kan halde ope på alle vanlege søndagar.

Departementet gjer samtidig framlegg om å oppretthalde påbodet om stengde butikkar på dei 10 særskilde heilagdagane (nyttårsdag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 2. påskedag, Kristi Himmelfartsdag, 1. pinsedag, 2. pinsedag, 1. juledag og 2. juledag). Likeeins at det gjeldande påbodet om stengde butikkar på dei særskilde høgtidsdagane 1. og 17. mai blir vidareført. Dette gjeld også påbodet i heilagdagslova § 5 om at butikkar skal halde stengt frå kl 16.00 på jul-, påske- og pinsefta.

Lover/regelverk

Heilagdagslova.

Sakshandsamar si vurdering

Søndagen er ein viktig felles fri- og kviledag, og dermed ein dag der ein kan dyrke familie, vennskap og felles aktivitetar. Dette er ein svært viktig del av kulturarven vår som vi må hegne om. Svært mange i yrkesaktiv alder, og som har etablert seg med eiga familie, har ein stressande og travel kvardag der det ofte blir for lite tid og rom for å ta vare på kvarandre.

Dette er heller ikkje noko butikkane vi tene på, kanskje tvert om for fleire av butikkane ute i distrikta. Ein kan risikere dersom dette vert gjennomført at mange vil ta turen til eit større kjøpesenter og dermed vil butikkane i nærområdet tape omsetning og kanskje dermed måtte legge ned. Det handlar og om dei som har arbeidet sitt i butikkane og som vil misse fritid og kvalitetstid med dei rundt seg.

Dei aller fleste av oss er i stand til å planlegge innkjøpa våre slik at dette ikkje er eit turvande tiltak for folk flest.

Konklusjon

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendingane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget, og gjer følgjande uttale som er vedlagt saka.

Saksgang

Kommunestyret avgjer saka.

Klageadgang

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendingane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget, og gjer følgjande uttale som er vedlagt saka.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen (ordførar) fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-034/15 VEDTAK

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendingane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget, og gjer følgjande uttale som er vedlagt saka.

Samrøystes.

Utskrift til:

Kulturdepartementet



SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	056/15
Kommunestyret	15.06.2015	035/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-651, TI-&52	15/311

Fornyelse av leasingavtaler bilar - Helse og omsorg

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Avtaler om å inngå finansielle leasingavtaler skal i henhold til regelverket vedtas i kommunestyret.

Kommunen inngikk for 3 år siden en leasingavtale med Vest Auto AS, om å lease 4 biler som brukes innen helse og omsorg, fortrinnsvis i hjemmetjenesten og på Hove aktivitetssenter. Leieperioden for disse bilene går ut i juli 2015, men avtalen inneholder en opsjon om å forlenge leieperioden i ytterligere to år. Månedsleie for alle bilene er 21 285 kroner + mva., inkludert service og dekkavtale.

Etter en totalvurdering både av å kjøpe ut bilene til restverdi, og å inngå avtale om å lease nye biler, har vi kommet til at det å forlenge eksisterende avtale med to år, fremstår som det mest prisgunstige og fornuftige alternativet. Bilene er pent behandlet, med forholdsvis lav km. stand, og man er godt fornøyd med driftssikkerheten og kvaliteten på bilene.

I tillegg til fornyelse av overnevnte avtale har vi hatt ute på anbud leie av en elbil til bruk i hjemmetjenesten. Det er i første rekke tenkt at denne skal brukes til småkjøring i Selje og omegn. Det beste tilbudet kom fra Berge & Co AS på Stryn, som ga oss et tilbud på Wolkswagen e-up, til en pris av 2999 kroner i måneden eksklusiv moms. Fra og med 1 juli

2015 trår nye regler i kraft, ved at man ikke trenger å betale moms ved leasing av elbil. Det gjør dette alternativet ekstra prisgunstig. Videre er driftskostnadene til en elbil lave, og det at Selje kommune kan fremstå med en miljøprofil, er også et moment å ta med i saken.

Finansiering

Løpende utgifter til leasing av biler innen helse og omsorg, er lagt inn i budsjettet.

Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Avtalen om forlengelse av leasing av 4 biler med Vest Auto AS i to år vedtas med en total månedspris på 21 285 kroner + mva.
2. Avtale om inngåelse av leasingavtale av en elbil fra Berge & Co AS, til en månedspris av 2999 kroner vedtas.

Leieavtalene finansieres over budsjettet i løpende drift innen helse- og omsorg.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for og 2 røyster mot.

FS-056/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 13 røyster for og 4 røyster mot.

KS-035/15 VEDTAK

1. Avtalen om forlengelse av leasing av 4 biler med Vest Auto AS i to år vedtas med en total månedspris på 21 285 kroner + mva.
2. Avtale om inngåelse av leasingavtale av en elbil fra Berge & Co AS, til en månedspris av 2999 kroner vedtas.

Leieavtalene finansieres over budsjettet i løpende drift innen helse- og omsorg.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	27.05.2015	027/15
Formannskapet	03.06.2015	043/15
Eldrerådet	11.06.2015	009/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.06.2015	009/15
Kommunestyret	15.06.2015	036/15

Sakshandsamar Merete Nerland	Arkiv FE-614, TI-&00	Arkivsak 15/300
--	--------------------------------	---------------------------

Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune - Revisjon

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2015	REGLEMENT FOR UTLEIGE AV LOKALER I SKULAR OG BARNEHAGAR I SELJE KOMMUNE - Revidert 15 juni 2015.doc	66096

Saka gjeld

Revisjon av *Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune*.

Opplysningar til saka

25 februar i 2008, i sak 010/08, vedtok kommunestyret *Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune*.

Pga. nokre uheldige episodar i samband med utlån/-leige er det no behov for ein revisjon av utleigereglementet. Spørsmål som trengs nærmare avklaring er følgjande:

- Skal kven som helst ha «rett til» å få leige rom i skular og barnehagar, berre dei betalar for seg? Skal skular og barnehagar kunne nyttast som billig overnatting i feriane for private personar, lag, kor, osv. som ikkje held til i kommunen? Skal Selje kommune være ein konkurrent til etablerte lokale overnattingsetablisement (hotell, camping, hytteutleige)?
- Kan administrasjonen seie nei til utleige av lokale dersom vi ikkje har folk til å administrere utleiga, t.d. midtsommars når skular, barnehagar, reinhaldarar og administrasjon har ferie?
- Skal personar under 18 år kunne nytte seg av lokale i skular og barnehagar utan at det er ein vaksen til stades?
- Skal lag og organisasjonar tilhøyrande i Selje kommune, kunne låne kommunale lokale gratis til overnatting for lag/medlemmar utafor kommunen?

Sakshandsamar si vurdering

I samband med utleige/-lån av skular/barnehagar til overnatting, har det vore ein del uheldige episodar.

- Lokale lag/organisasjonar har arrangert treningar/øvingar, kor mindreårige har brukt kommunale lokalar utan at det har vore myndige til stades. Administrasjonen i kommunen har presisert til leigetakarane at det alltid må være ein myndig til stades. For å ikkje skape tvil, bør det være med eit punkt i reglementet om dette.
- Eigedomsavdelinga ved reinhaldarane gjer kvar forsommar ein jobb med nedvask, oppskuring og boning på skulane og i barnehagane. Dette for at bygga skal være reine for brukarane og golva enkle å halde reine. Dei siste åra har skular vore lånt ut til lag/organisasjonar, rett etter at dette arbeidet har vore ferdigstilt. Det har vore leigetakarar som har gått inne med utesko, brukt rom dei ikkje har fått tildelt og lagt igjen mykje søppel/skit før dei har reist. Slitasjen på golva har i disse få dagane vore større enn 3-4 mnd. med vanleg skule. Reinhaldarane har hatt mykje arbeid med å gjere lokala presentable igjen før elevane begynner på skulen etter sommarferien.
- Nokre av utleiga har vore i periodar kor skulen har vore stengt og det ikkje har vore administrasjon frå kommunen til stades. Rektorar har, i fritida si, måtte administrere nøklar og teke stilling til spørsmål (både seint og tidleg) som naturleg kjem når ein leiger ut. Dette har skapt frustrasjon og eit behov for å få avklart spørsmålet om vi kan seie nei til utleige når vi ikkje har folk tilgjengeleg til å administrere dette.
- Skular og barnehagar har vore leigd ut gratis til lag/organisasjonar i kommunen som igjen har invitert betalende overnattingsgjestar utanfrå kommunen. Uti frå erfaringar vi har med slik utleige, skaper dette ein god del meirarbeid/-kostnadar for kommunen. Dette har ført til eit behov for å lufter spørsmålet om kommunen kan ta betaling frå lokale lag og organisasjonar som leiger lokala vidare til lag/organisasjonar utafor kommunen. Dette for å få dekt inn igjen noko av kostnaden kommunen verte påført ved slik utleige.

Det er ein del usikkerhet rundt tolking av utleigereglementet. Erfaringar gjort etter dei siste års utleige/utlån har skapt eit behov for å få presisert enkelte punkt i reglementet litt betre.

Rektorar og styrarar i skular og barnehagar, har i samarbeid med sakshandsamar og rådmannen, gått gjennom reglementet. Dei fleste endringane som blir skissert i punkta under, har det vore semje om. Det har vore nokre diskusjonar vedr. pkt. 2, om lokale lag

og organisasjonar skal betale leige dersom dei låner lokalar til overnatting for lag/medlemmar utafør kommunen. Diskusjonen har gått på om dei lag som bidreg med anlegg/utstyr til skulane skal sleppe å betale for slikt bruk, medan andre som ikkje direkte har bidrege med slikt utstyr skal betale? Kor skal evt. grensa gå for kven som skal betale og kven som ikkje skal betale?

Sakshandsamar meiner at det blir vanskeleg å administrere eit reglement kor ein skal basere betalinga på skjønn. Kven har bidrege, kven har ikkje? Utleigereglementet bør være likt for alle lokale lag og organisasjonar..

Foreslår derfor følgjande endringar/presiseringar i reglementet (sjå også vedlegg, kor endringane i reglementet er skrevet med raud skrift);

1. Dei som har ansvaret for å administrere utleiga etter dette reglementet kan seie nei til utleige for dei som kjem innunder kapittel 4.2, dersom det ikkje er tilgjengelege ressursar til å administrere utleiga, t.d. i feriar.
2. Frivillige lag og organisasjonar i Selje kommune betalar ikkje for eiga bruk av lokalar i skular/barnehagar, men må betale leige dersom dei låner lokalar til overnatting for lag/medlemmar utafør kommunen.
3. Ved all lån/leige/bruk av lokale i kommunale bygg, skal det til ein kvar tid vere ein myndig person til stades.

Konklusjon

Selje kommune gjer følgjande endringar i *Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune*;

1. Dei som har ansvaret for å administrere utleiga etter dette reglementet kan seie nei til utleige for dei som kjem innunder kapittel 4.2, dersom det ikkje er tilgjengelege ressursar til å administrere utleiga, t.d. i feriar.
2. Frivillige lag og organisasjonar i Selje kommune betalar ikkje for eiga bruk av lokalar i skular/barnehagar, men må betale leige dersom dei låner lokalar til overnatting for lag/medlemmar utafør kommunen.
3. Ved all lån/leige/bruk av lokale i kommunale bygg, skal det til ein kvar tid vere ein myndig person til stades.

Saksgang

Driftsutvalet kjem med tilråding til formannskapet, som kjem med tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune gjer følgjande endringar i *Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune*;

1. Dei som har ansvaret for å administrere utleiga etter dette reglementet kan seie nei til utleige for dei som kjem innunder kapittel 4.2, dersom det ikkje er tilgjengelege ressursar til å administrere utleiga, t.d. i feriar.

2. Frivillige lag og organisasjonar i Selje kommune betalar ikkje for eiga bruk av lokalar i skular/barnehagar, men må betale leige dersom dei låner lokalar til overnatting for lag/medlemmar utafor kommunen.
3. Ved all lån/leige/bruk av lokale i kommunale bygg, skal det til ein kvar tid vere ein myndig person til stades.

Revidert *Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune* vert godkjend slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Handsaming i Driftsutvalet - 27.05.2015

6 voterande

Framlegg frå TP, FRP:

Gjeldande reglement vert oppretthalde.

Røysting:

Framlegg frå TP og FRP fekk 4 røyster for.

Tilråding frå administrasjonen fekk 2 røyster for

KU-027/15 FRAMLEGG

Gjeldande reglement vert oppretthalde.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Framlegg frå Magny H. Myklebust, Anne Lise Drage, Gunnar Silden, Raymond Myren:

Gjeldande reglement vert oppretthalde, men med fylgjande endring:

Ved all lån/leige av lokale i kommunale bygg, skal det til ei kvar tid vere ein myndig person til stades.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 1 røyst for.

Framlegg frå M. Myklebust, A.L. Drage, G. Silden, R.Myren fekk 6 røyster for.

FS-043/15 FRAMLEGG

Gjeldande reglement vert oppretthalde, men med fylgjande endring:

Ved all lån/leige av lokale i kommunale bygg, skal det til ei kvar tid vere ein myndig person til stades.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.06.2015

3 voterande

Framlegg frå RFF:

Som fleirtalsframlegget i Formannskapet.

Røysting:

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-009/15 VEDTAK

Som fleirtalsframlegget i Formannskapet.

Samrøystes.

Handsaming i Eldrerådet - 11.06.2015

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

Som fleirtalsframlegget i Formannskapet.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-009/15 VEDTAK

Som fleirtalsframlegget i Formannskapet.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-036/15 VEDTAK

Gjeldande reglement vert oppretthalde, men med fylgjande endring:

Ved all lån/leige av lokale i kommunale bygg, skal det til ei kvar tid vere ein myndig person til stades.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar

Utskrift:

Tenesteleiarane for skular og barnehagar

Rådmannen

Økonomiavdelinga



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	053/15
Kommunestyret	15.06.2015	037/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FA-N60	13/380

Etablering og drift av breibandnett Borgundvåg - Finansiering

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
59	I	12.03.2015	Eninvest AS	Revidert tilbudsbekrefting for anbod Breibandsnett i Borgundvåg
57	U	12.03.2015	Breibandsleverandører	Avklaring om framtidig breibandsutbygging i Selje kommune
62	I	18.03.2015	Telenor	Tilbud fra Telenor på bredbånd til Borgundvåg (Internal)
64	I	24.03.2015	Eninvest AS	Breiband i Borgundvåg
63	I	25.03.2015	Telenor	Revidert til fra Telenor på bredbånd til Borgundvåg (Internal)
58	I	27.03.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Svar - Søknad om omdisponering av breibandmidlar
65	I	31.03.2015	Espen Sandviknes	Innspel til høyring
61	I	01.04.2015	Telenor	Revidert tilbud - Bredbånd til Borgundvåg (Internal)
60	I	01.04.2015	Telenor	Møtereferat (Internal)
66	U	08.04.2015	Adressater	Breibandsutbygging i Borgundvåg - tidsplan vedk. val av tilbydar.
67	I	19.04.2015	Frode Svedhaug og Mai-Hilde Eriksen	Innspel til høyring
68	I	22.04.2015	Willy Nordpoll	Innspel til høyring
69	I	23.04.2015	Thor Øivind Larsen	Innspel til høyring
70	I	24.04.2015	Jon Frogner	Høyring - Breibandsutbygging i Selje

74	U	22.05.2015	Eninvest AS	kommune: Ervik Vedtak om innsyn - Anbud etablering og drift av breibandnett i Borgundvåg.
73	U	22.05.2015	Eninvest AS	Etablering og drift av breibandnett i Borgundvåg. Val av leverandør
72	U	22.05.2015	Telenor Norge AS	Tilbod etablering og drift av breibandnett i Borgundvåg. Val av leverandør.
75	U	03.06.2015	Eninvest AS	Breibandnett i Borgundvåg- svar på klage

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Opplysningar til saka

I K-sak 65/14 vart det gjort fylgjande vedtak :

Kommunestyret godkjenner utbygging av breiband i Borgundvåg slik det går fram i førebels prosjektplan og finansieringsplan, jfr. vedlagt brev frå fylkeskommunen dat. 07.10.2014. Kommunestyret vedtek kommunal eigendel kr. 214.000, som vert ein del av budsjett 2015. Endeleg prosjektplan, finansiering og val av prosjektgruppe skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning. Det vert teke atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning.

Breibandsprosjekt i Borgundvåg har vore ute på anbod (Doffin) med anbodsfrist 10.02.2015. Prosjektet var lyst ut som konkurranse med forhandling. Kommunen har gjennomført forhandling med to aktuelle leverandørar, Telenor Norge AS og Eninvest AS. Begge leverte nye tilbod med frist 31.03.2015. Begge vil no kunne levere FTH- løysingar, dvs. fiber inn i bustadane. Bustadeigaren må sjølv syte for tilkomst (trekkerøyr) frå tomtegrensa og inn i huset.

I dei siste tilboda var det teke høgde for for at transportnettet til Borgundvåg går langs fylkesvegen, slik at fleire interessentar kan få tilgang og på denne måten oppnå mest mulig samfunnsnytte.

I utlysinga var det vist til eit anleggstilskot på kr. 1.597.000. Dette er sett saman slik:

Post og teletilsynet:	1 139 000
Fylkeskommune:	244 000
Selje kommune	214 000

Begge tilbydarane har rekna med anleggstilskotet fullt ut og i tillegg har dei føresett dugnadsinnsats (graving etc. utanfor tomtegrensene) og /eller økonomisk tilskot.

Telenor krev kr. 300.000 og Eninvest kr. 500.000.

Kommunen har i F-sak 21/15 søkt Fylkeskommunen om å få nytte deler av tidlegare løyvingar til føremålet – spesielt til framføringsnettet. Dette er no innvilga, med inntil kr. 512.500. Med unnatak av den kommunale delen kr. 214.000 er prosjektet såleis fullfinansiert utan dugnadsinnsats eller ekstra økonomisk tilskot.

Etter evaluering av tilboda opp mot tildelingskriteria er tilbodet til Telenor det mest fordelaktige tilbodet.

Prosjektgruppa for breibandsutbygging i Borgundvåg hadde møte tysdag 19.05.2015, jfr. reglement for gjennomføring av kommunale bygg og anleggsprosjekt i Selje kommune (K-sak 098/07)

VEDTAK:

- Telenor AS vert valt som leverandør av og drift av breibandnett med leveranse av innhaldstenester - Selje kommune, Borgundvåg. Jfr. revidert tilbod av 23.03.2015.
- Kommunen må ta atterhald om restfinansiering kr. 214.000, som skal handsamast i formannskapet 3. juni og kommunestyret 15. juni.
- Selje kommune tek kontakt for inngåing av kontrakt når restfinansiering er på plass og eventuelle klagefristar er ute.

Utfordringa no er kommunal eigendel kr. 214.000. Kommunestyret har vedteke kommunal eigendel kr. 214.000, som ein del av budsjett 2015. Sakshandsamar får opplyst at dette ikkje er finansiert i budsjettet. Dette må då inn som ein del av budsjettjustering 1. tert (investering).

Ved å velje Telenor som leverandør, vil vi ikkje nytte ekstra tilskot frå Fylkeskommunen fullt ut. Vi vil ha ein rest på kr. 212.500. Sakshandsamar har «søkt» Fylkeskommunen om å få nytte restsum til kommunal eigendel, men her får vi avslag.

Sakshandsamar si vurdering

Det vert arbeidd med å få inn eksterne midlar som kan delfinansiere kommunal eigendel. Målsettinga er at ein kan få dekkja minst kr. 100.000 på denne måten. For at prosjektet ikkje skal stoppe opp, bør kommunen finansiere kr. 214.000 fullt ut og eksterne tilskot kan gå til fråtrekk undervegs.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommunestyre godkjenner prosjektet for breibandsutbygging i Borgundvåg slik det ligg føre. Kommunal eigendel kr. 214.000 vert finansiert i første budsjettjustering ved å nytte ubrukte lånemidlar.

Kommunestyret føreset at mest mulig av summen vert å dekke inn frå eksterne tilskot slik at bruk av lånemidlar vert redusert tilsvarende.

Det vert teke atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning.

Rådmannen får fullmakt til å søkje om få nytte restsum frå tidlegare løyvingar, inntil kr. 212.500 til andre breibandsprosjekt i kommunen.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Orientering:

Saka var unnateke off. – Fvl. § 5 i innkallingsdokumentet.

Sakshandsamar endra saka til offentleg før handsaming av saka.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-053/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Korrigering v/rådmann:

Retting i tilråding frå administrasjonen. Linje 2 skal lyde slik:

Kommunal eigendel kr. 214.000 vert finansiert ved å nytte ubrukte lånemidlar.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet (med korrigert tekst) fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-037/15 VEDTAK

Selje kommunestyre godkjenner prosjektet for breibandsutbygging i Borgundvåg slik det ligg føre. Kommunal eigendel kr. 214.000 vert finansiert ved å nytte ubrukte lånemidlar.

Kommunestyret føreset at mest mulig av summen vert å dekke inn frå eksterne tilskot slik at bruk av lånemidlar vert redusert tilsvarande.

Det vert teke atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning.

Rådmannen får fullmakt til å søkje om få nytte restsum frå tidlegare løyvingar, inntil kr. 212.500 til andre breibandsprosjekt i kommunen.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	051/15
Kommunestyret	15.06.2015	038/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-U63	15/297

Skjenkeløyve for alkohol - Eltvik & Åhjem eft. AS

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	07.05.2015	ELTVIK & ÅHJEM EFT AS	Søknad om skjenkeløyve
3	I	21.05.2015	Politiet	Uttale
5	I	22.05.2015	NAV	Uttale

Saka gjeld

Søknad om skjenkeløyve til Åhjemsbuda v/Eltvik & Åhjem eft AS.

Opplysningar til saka

Løyvesøkjar er Ståle Åhjem på vegne av Eltvik & Åhjem eft. AS

Styrar skal vere: Ståle Åhjem 6740 Selje

Stedfortredar skal vere: Frank Robert Åhjem, Maridalsvegen 60. 0458 Oslo

Skjenkestaden er: Åhjemsbuda på Nabben Gbnr 56/1 – 18 og 131

Skjenkeareal skal vere 2 rom i 1. etasje 272,5 m², Gang, overbygd uteområde 27m² og veranda 86m². Sum areal 385,5m².

Opningstidene vil vere mellom klokka 1300 og klokka 0300.

Han søker alminneleg skjenkeløyve for gruppe 1, 2, og 3 innanfor kommunen sine maksimaltider.

Søknaden har fylgjande vedlegg:

- Firmaattest

- Skatteattest for søkjar
- Målsett teikning over skjenkestaden inne og ute. Barar avmerka på teikninga
- Dokumentasjon for styrar og stedfortredar sin kunnskap om Alkoholloven
- Utskrift frå aksjeeigarbok
- Bekrefting frå MVA-manntalet (Fylkesskttkontoret)
- Rutinar for internkontroll

Lover/regelverk

Alkoholloven med forskrift

Forskrift om opning- og skjenketider, Selje

Sakshandsamar si vurdering

I Forskrift om opnings- og skjenketider, Selje er det gjort vedtak om at serveringsstadar skal vere stengd etter klokka 0300.

Øl og vin kan skjenkast mellom klokka 0800 og klokka 0200

Brennevin kan skjenkast mellom klokka 1300 og klokka 0100

Skjenkesøknaden og søkjaren fyller krava for skjenkeløyve.

Løyvet kan tildelast berre for kommunestyreperioden og vil gjelde fram til 30.06.2016

Konklusjon

Saksgang

Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer vedtak. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på jf. Forvaltningslova kapittel VI

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Åhjemsbuda v/ Eltvik & Åhjem Eft. As får slikt løyve for skjenking av alkohol:

Løyvet er tildelt Ståle Åhjem på vegne av Eltvik & Åhjem eft. AS

Løyvet er for alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin).

Styrar er: Ståle Åhjem 6740 Selje

Stedfortredar er: Frank Robert Åhjem, Maridalsvegen 60. 0458 Oslo

Skjenkestaden er: Åhjemsbuda på Nabben Gbnr 56/1 – 18 og 131

Skjenkeareal skal vere 2 rom i 1. etasje 272,5 m², Gang, overbygd uteområde 27m² og veranda 86m². Sum areal 385,5m².

Opningstidene er mellom klokka 1300 og klokka 0300.

Skjenketider skal vere mellom klokka 1300 og 0100 for brennevin (gruppe 3) og mellom klokka 1300 og klokka 0200 for øl og vin (gruppe 2 og 3)

Det skal betalast gebyr for løyvet jf. Forskrift til Alkoholloven Kapittel 6

Løyvehavar pliktar å rapportere om drifta jf. Forskrift til Alkoholloven Kapittel 7

Kommunen vil føre kontroll med løyvet jf. Forskrift til Alkoholloven Kapittel 9

Løyvet er gitt fram til 30.06.2016

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for og 1 røyst mot.

FS-051/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 15 røyster for og 2 røyster mot.

KS-038/15 VEDTAK

Åhjemsbuda v/ Eltvik & Åhjem Eft. As får slikt løyve for skjenking av alkohol:

Løyvet er tildelt Ståle Åhjem på vegne av Eltvik & Åhjem eft. AS

Løyvet er for alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2, og 3 (øl, vin og brennevin).

Styrar er: Ståle Åhjem 6740 Selje

Stedfortredar er: Frank Robert Åhjem, Maridalsvegen 60. 0458 Oslo

Skjenkestaden er: Åhjemsbuda på Nabben Gbnr 56/1 – 18 og 131

Skjenkeareal skal vere 2 rom i 1. etasje 272,5 m², Gang, overbygd uteområde 27m² og veranda 86m². Sum areal 385,5m².

Opningstidene er mellom klokka 1300 og klokka 0300.

Skjenketider skal vere mellom klokka 1300 og 0100 for brennevin (gruppe 3) og mellom klokka 1300 og klokka 0200 for øl og vin (gruppe 2 og 3)

Det skal betalast gebyr for løyvet jf. Forskrift til Alkoholloven Kapittel 6

Løyvehavar pliktar å rapportere om drifta jf. Forskrift til Alkoholloven Kapittel 7

Kommunen vil føre kontroll med løyvet jf. Forskrift til Alkoholloven Kapittel 9

Løyvet er gitt fram til 30.06.2016

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	052/15
Kommunestyret	15.06.2015	039/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-U63	15/296

Serveringsløyve - Eltvik & Åhjem eft. AS

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	07.05.2015	ELTVIK & ÅHJEM EFT AS	Søknad om serveringsløyve
3	I	21.05.2015	Politiet	Uttale

Saka gjeld

Serveringsløyve til Åhjembuda v/Eltvik & Åhjem eft AS

Opplysningar til saka

Eltvik & Åhjem eft AS søker om serveringsløyve til selskapslokale i Åhjembuda

Orgnr: 869 033 643

Eigar er Ståle Åhjem Nabben, 6740 Selje

Dagleg leiar er Frank Robert Åhjem Maridalsveien 60, 0458 Oslo

Opningstider vil vere kl 1300 – 0300 heile året

Selskapslokalet er i 1.etasje 279,5m² innandørs areal, 110m² utandørs areal sum 389,5m²

Det er berekna 130 sitjeplassar inne og 29 sitjeplassar ute.

Driftskonseptet er pub

Det er fylgjande vedlegg til søknaden:

- Fimaattest
- Skatteattest for søkjar
- Målsett teikning av serveringsstaden ute og inne
- Utskrift frå aksjeeigarbok
- Kopi av melding til mattilsynet, med bekrefing

- Bekrefting frå MVA-registeret (Fylkesskattekontoret)
- Rutinar for internkontroll

Der manglar dagleg leiar sin dokumentasjon for etablererprøven.

Lover/regelverk

Serveringsloven av 13.juni 1997

Forskrift om opnings- og skjenketider, Selje

Sakshandsamar si vurdering

Åhjemsbuda v/Eltvik & Åhjem eft. AS fyller krava til serveringsloven til serveringsløyve med unntak av dagleg leiar sin dokumentasjon til krav om bestått etablererprøve.

Opningstidene er innanfor kommunal forskrift som seier at Serveringsstadar skal halde stengt mellom klokka 0300 og klokka 0600.

Konklusjon

Løyve kan tildelast med atterhald om at dagleg leiar dokumenterer bestått etablererprøve.

Saksgang

Fornmannskapet tilrår til kommunestyret som gjer vedtak. Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. Forvaltningsloven Kapittel VI

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Åhjemsbuda v/Eltvik&Åhjem eft. får slikt serveringsløyve med atterhald om at dagleg leiar legg fram dokumentasjon på bestått etablererprøve:

Orgnr: 869 033 643

Eigar Ståle Åhjem Nabben, 6740 Selje

Dagleg leiar Frank Robert Åhjem Maridalsveien 60, 0458 Oslo

Opningstider kl 1300 – 0300 heile året

Selskapslokalet er i 1.etasje 279,5m² innandørs areal, 110m² utandørs areal sum 389,5m²

Det er berekna 130 sitjeplassar inne og 29 sitjeplassar ute.

Driftskonseptet er pub

Løyvet kan ikkje nyttast før dokumentasjon om bestått etablererprøve er levert og lagt ved saksdokumenta.

.....

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-052/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes

KS-039/15 VEDTAK

Åhjemsbuda v/Eltvik&Åhjem eft. får slikt serveringsløyve med atterhald om at dagleg leiar legg fram dokumentasjon på bestått etablererprøve:

Orgnr: 869 033 643

Eigar Ståle Åhjem Nabben, 6740 Selje

Dagleg leiar Frank Robert Åhjem Maridalsveien 60, 0458 Oslo

Opningstider kl 1300 – 0300 heile året

Selskapslokalet er i 1.etasje 279,5m² innandørs areal, 110m² utandørs areal sum 389,5m²

Det er berekna 130 sitjeplassar inne og 29 sitjeplassar ute.

Driftskonseptet er pub

Løyvet kan ikkje nyttast før dokumentasjon om bestått etablererprøve er levert og lagt ved saksdokumenta.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2015	045/15
Kommunestyret	15.06.2015	040/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-F31, TI-&73	15/224

Kjøp/låneopptak - Bustadar for flyktningar

Saka gjeld

Delegasjonsfullmakt til Rådmannen til å gjere låneopptak med det føremål å kjøpe bustader til utleige for flyktningar.

Opplysningar til saka

Selje kommune gjorde i K sak 059/ vedtak om å busetje flyktningar i kommunen. IMDI har tildelt kommunen 3 familiar for busetting i 2015. Kommunen disponerer ikkje hus sjølv til føremålet. Der har til dato ikkje lukkast å finne tenelege hus på leigemarkanden.

Med ein estimert pris på om lag 1 800 000 kr pr. bueining vil ein for 3 bueiningar ha behov for å låne om lag 5 500 000 til føremålet. Husbanken yter 20% - 40% tilskot «av godkjente prosjektkostnader når det gis tilskudd til utleieboliger til flyktningar, barnefamilier og andre prioriterte grupper».

Leigetakarar i bustadane betalar husleige, og dei vil ha rett til bustøtte for å dekke utgiftene sine. Leigeinntektene vil såleis dekke kommunens kostnader med prosjektet.

Prosjekt med utleigebustadar for prioriterte grupper kan fullfinansierast med lån og tilskot frå Husbanken.

Lover/regelverk

Husbanken: Veileder for tilskudd til utleieboliger (HB 8.B.20)

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune kan vanskeleg oppfylle forpliktingane sine i høve busetting av flyktingar utan tenelege husvære. Kommunen er på Robek, og alle låneopptak må godkjennast av Fylkesmannen. Vedtaket må gjerast med atterhald om fylkesmannen si godkjenning.

Konklusjon

For at Selje kommune skal kunne oppfylle forpliktingane sine i høve mottak av flyktingar må kommunen kjøpe og eige hus til føremålet.

Saksgang

Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer vedtak. Vedtaket treng godkjenning frå Fylkesmannen.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rådmannen får fullmakt til å kjøpe inntil 3 bueiningar med føremål utleige til flyktingar.

Rådmannen får fullmakt til å gjere låneopptak på inntil 5 500 000 til føremålet.

Det er ein føresetnad at Fylkesmannen godkjenner låneopptaket.

Handsaming i Formannskapet - 03.06.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-045/15 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-040/15 VEDTAK

Rådmannen får fullmakt til å kjøpe inntil 3 bueiningar med føremål utleige til flyktingar.

Rådmannen får fullmakt til å gjere låneopptak på inntil 5 500 000 til føremålet.

Det er ein føresetnad at Fylkesmannen godkjenner låneopptaket.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	041/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-026	14/193

Nordfjord vekst - Evaluering 2015

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	05.05.2014	Nordfjord Vekst	Vedteken Handlingsplan Nordfjord 2014
2	I	28.08.2014	Edvin Haugen	Innspel til ny handlingsplan Nordfjord Vekst
3	I	18.02.2015	Nordfjord Vekst	Nordfjord Vekst 2014
5	I	02.03.2015	Nordfjord Vekst	Årsrapport KNF for Vågsøy, Selje og Eid 2014
6	I	05.03.2015	Nordfjord Vekst	Utkast til strategi og handlingsplan Nordfjord Vekst
9	I	07.06.2015	Nordfjord vekst	Evaluering av Nordfjord Vekst innen 1. juli
8	I	07.06.2015	Ørnulf Lillestøl	Vedlegg - Evaluering av Nordfjord vekst

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.06.2015	Nordfjord vekst 63769_1_P.pdf	66632
08.06.2015	Evaluering av Nordfjord Vekst innen 1. juli	66633
08.06.2015	2014 Excelark søknadar KNF_oppdatert.xlsx	66636
08.06.2015	KNF Årsrapport 2014.pdf	66637

Saka gjeld

Saka gjeld evaluering av Nordfjord Vekst AS som kommunen sitt næringsutviklingselskap og forvaltar av det kommunale næringsfondet. Saka gjeld då ikkje samla evaluering av Nordfjord Vekst og dei delane som gjeld næringslivet. Bedriftene er invitert til å gje ei tilbakemelding på i kva grad dei meiner at målsetjingane i medlemsavtalen er oppnådde basert på ein eigen evalueringsdel.

Bakgrunn for saka:

Kravet om evaluering av Nordfjord Vekst AS byggjer på eit tidlegare vedtak av 22. juni 2011, i Selje kommunestyre. I denne saka vedtok kommunestyret å delta i etableringa av eit regionalt næringsutviklingselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy. Selskapet skulle bygge på utarbeidd forretningsplan, vedtekter og framlagd aksjonæravtale. Selje kommune forplikta seg samtidig til å betale eit årleg tilskot på kr. 400 000 i perioden 2012 – 2015. I tillegg til dette slutta kommunen seg til at selskapet skulle forvalte det kommunale næringsfondet til kommunen.

Nordfjord Vekst er sjølv inne i ein evalueringsprosess og dagleg leiar i Nordfjord Vekst, har bedt om at kommunane gjer ei evaluering av selskapet. Frist for tilbakemelding til selskapet er satt til 1. juli 2015.

Formannskapet drøfta saka som referatsak 15. april i samband med at politikarane fekk tilsendt ei spørjeundersøking einskildvis. Rådmannen har gjeve uttrykk for at det er ynskjeleg at kommunen gjev ei samla uttale.

Saksutgreiing:

Det er i kommunestyret sitt vedtak av 22. juni 2011 ikkje teke konkret stilling til vidare finansiering eller organisering av selskapet etter 2015. Det er difor naturleg at det no vert etterspurt ei evaluering av avtalen som ein har gått inn på og selskapet som ein har gått inn i.

Det er heller ikkje seinare etter etableringa uttrykt spesifikke område for evaluering. Tema for kommunen vil naturleg vere om Nordfjord Vekst oppnår intensjonen om å skape vekst og utvikling primært for Selje kommune, men også for nabokommunane. Og at denne effekten står i samsvar med omfanget av midlar kommunen bidreg med.

Dette er i utgangspunktet eit spennande og til dels krevjande evalueringsarbeid som krev ressursar utover det kommunen no har handlingsrom til økonomisk. Det har vore urealistisk å finne økonomisk handlingsrom for å leige inn ein ekstern evaluerer, og evalueringa vert difor gjort internt med svært avgrensa administrativ kapasitet. Det er viktig å få fram innleingsvis at det både er fordelar og ulemper ved å gjennomføre evalueringa sjølv. Som fordelar er det i Finansdepartementet sin «*Veileder for gjennomføring av evalueringer*» trekt fram at ein intern evaluerer har kunnskap og innsikt innanfrå og har lett tilgang til den data som trengs for å gjennomføre evalueringa. Som ulemper vert det peika på at evalueringa legg ekstra tids- og

arbeidspress på ein ofte allereie fullbelasta administrasjon, at evalueringa føreset at ein har nødvendig kompetanse til å gjennomføre evalueringa og at det kan vere ein fare for at ein ikkje oppnår den nødvendige distanse i forhold til bruken av dei funn som kjem fram i evalueringa.

Rådmannen legg ikkje opp til og ser heller ikkje behov for radikale endringar. Det er heller ikkje oppfatta signal frå det politiske miljø som skulle tilseie det.

Det vert her då lagt opp til ei «undervegsevaluering» jmf ovannemde rettleiar;

«En underveisevaluering gjennomføres for at det skal være mulig å endre kurs og justere på tiltaket, ordningen eller prosessen... En underveisevaluering kan gi grunnlag for å svare på om organiseringen av tiltaket er tilfredsstillende eller om tiltaket fungerer som forventet, og en vil fokusere på kontinuerlig forbedringer».

Sakshandsamar si vurdering

Då kommunestyret vedtok å delta i etableringa av eit regionalt næringsutviklingselskap vart det lagt til grunn at selskapet skulle bygge på utarbeidd forretningsplan, vedtekter og aksjonæravtale.

I § 3 er det mellom anna sagt følgjande om «Selskapets virksomhet»:

«Selskapet skal være næringslivets og kommunene i regionens felles organ for langsiktig næringsutvikling i samsvar med den til en hver tid gjeldende forretningsplanen for Selskapet.»

I følgje forretningsplanen skal Nordfjord Vekst AS ha tre hovudansvarsområde:

1. *Næringslivskontakt*
 - a) Grunderkontakt/førstelineteneste
 - b) Forvalte dei kommunale næringsfonda
 - c) Kontakt næringsliv/skule
 - d) Kurs og temamøte
2. *Næringsutviklingsprosjekt*
 - a) IT og teknologi
 - b) Fiskeri/marin næring
 - c) Maritim næring og fornybar energi
 - d) Reiseliv/kulturbasert næring/landbruk
 - e) Profilering/marknadsføring av næringslivet i regionen
3. *Rammevilkår for næringsutvikling*
 - a) Offentlege kompetansmiljø
 - b) Utdanning på vidaregåande- og høgskulenivå
 - c) Teknologisk infrastruktur

d) Samferdsle

I nyleg utsendt strategidokument (vedlagt her) er desse områda omtala.

Det er ikkje naturleg å evaluere alle desse punkta i forretningsplanen Selskapet er ikkje berre meint å vere kommunane sitt selskap. Selskapet er også næringslivets selskap, og skal av den grunn fylle fleire funksjonar. Det som rådmannen har grunnlag for å vurdere, er dei oppgåvene som selskapet er sett til å løyse og som før låg til kommunen i ulik grad. Det som er interessant i denne saka må såleis vere å samanlikne det «produktet» som kommunen har fått, med det målet ein har ynskt å nå ved å delta i samarbeidet. Det er gjerne vanskeleg å svare klart ja og nei på om ein har lukkast, men det vil vere mogleg å peike på styrker og svakheiter ved det regionale næringssamarbeidet.

Som nemnt er Nordfjord Vekst inne i ein evalueringsprosess, og selskapet sende nyleg ut eit evalueringsskjema til medlemsbedrifter, aksjonærar og politikarar i den enkelte kommune. Resultatet vil bli presentert under selskapet si generalforsamling no i juni. Rådmannen legg til grunn at aktørane melder tilbake på punkt 2. næringsutviklingsprosjekt og punkt 3 rammevilkår for næringslivet, og evaluerer i liten grad desse punkta her, jf. grunngjevinga ovanfor. Generelt meiner rådmannen at det er positivt at det vert lagt opp til kurs og temamøter, og meiner at denne moglegheita til å samle næringsliv, politikarar og kommuneadministrasjon på tvers av kommunane er ein styrke ved selskapet.

1. *Næringslivskontakt -) vurdering av Nordfjord Vekst AS som grunderkontakt/førstelineteneste (a) og forvaltar av kommunalt næringsfond (b).*

For kommunen sin del, så heng oppgåva som førstelineteneste og forvaltar av kommunalt næringsfond tett saman. Denne oppgåva har Nordfjord Vekst hatt sidan 2012, og låg tidlegare til kommunen.

I forretningsplanen er det sagt følgjande om selskapet si rolle som grunderkontakt/førstelineteneste:

«Nordfjord Vekst skal drive rådgjeving overfor grundera og vere kontaktledd for næringslivet, særleg dei mindre bedriftene i regionen, inn mot Innovasjon Norge og det offentlege virkemiddelapparatet elles. Det er avgjerande at ein når inn mot grunderar og bedrifter i heile regionen, uavhengig av kontorstad for tilsette i selskapet».

Når det gjeld det kommunale næringsfondet, står det følgjande:

«Nordfjord Vekst skal forvalte dei kommunale næringsfonda i Vågsøy, Selje og Eid. Administrasjonen legg fram innstilling til styret i Nordfjord Vekst som gjer vedtak. Det blir utarbeidd eigne retningslinjer for næringsfonda». Og vidare «Den enkelte kommune sin utviklingsplan/næringsplan og årlege tiltaksplan skal gjelde for tildeling av midlar gjennom fondet».

Oppgåva som grunderkontakt er ikkje ei lovfesta oppgåve for kommunane, men oppgåva ligg naturleg til rolla som forvaltar av det kommunale næringsfondet

Midlane til næringsfondet vert tildelt kommunane gjennom fylkeskommunen, og Nordfjord Vekst utfører med dette ei kommunal oppgåve på vegne av kommunen. Dette inneber også at reglane i offentlegheitslova og forvaltningslova gjeld ved handsaming av desse sakene, og fylkeskommunen sine retningsliner for tildeling skal også leggjast til grunn ved handsaming. Søknadane vert i dag sendt inn via søknadsportalen Regionalforvaltning.no, og vert førebudd av sakshandsamar på området i Nordfjord Vekst. Økonomisk støtte opp til kr. 25 000, såkalla «såkornsmidlar» kan tildelast gjennom eit administrativt vedtak i Nordfjord Vekst. Søknadar utover dette beløpet vert handsama av styret i Nordfjord Vekst.

Å nytte eit selskap som Nordfjord Vekst som førstelineteneste og som forvaltar av det kommunale næringsfondet har fleire fordelar.

For det første får ein ei moglegheit til å profesjonalisere tenesta ved å ha ein tilsett som arbeider med denne typen tenester på heiltid. Rådmannen opplever at kunnskapen Nordfjord Vekst har på spørsmål knytt til bedriftsetablering har vore god.

Vidare ligg det til rette for mest mogleg lik handsaming av tilnærma like søknader om støtte frå næringsfondet i dei tre kommunane, og gjev like rammevilkår for næringslivet/grunderar. Ein større fellespott gjer det mogleg å støtte viktige og store utviklingsprosjekt. Rådmannen oppfattar at styret har hatt saklege og gode debattar rundt tildelingssakene og at det i styremøta har blitt lagt vekt på likehandsaming av samanliknbare søknader.

Å førebu sakene til handsaming av styret er elles tidkrevjande, og det har heilt klart vore ressursparande for kommunen å setje vekk desse oppgåvene.

Men å setje vekk oppgåvene til eit aksjeselskap med hovudkontor i Vågsøy, har også sine utfordringar.

I forretningsplanen er det under punkt 4.3 lagt til grunn at selskapet ved oppstarten skal vere registrert og ha hovudkontor i Vågsøy, med fast bemanning på hovudkontoret. Etter dette står det følgjande:

«Bemanning og lokalisering elles vil vere avhengig av prosjektaktivitetane, og av strategi/styringsignal frå aksjonærane. Eid og Selje kommunar vil leggje til rette for at det finst tilgjengeleg kontorplass på Eid og i Selje. Ein føreset at dei tilsette i selskapet skal skaffe seg kjennskap om og jobbe aktivt ut mot bedrifter og næringsmiljø i heile regionen.

Det er eit absolutt krav at det skal vere eit fast kontaktpunkt for grunderar og næringsliv i alle tre kommunar, og det det er utbygd videokonferanseutstyr som sikrar dette».

Føresetnaden for etableringa av Nordfjord Vekst var såleis at det vert etablert ein node for selskapet i Selje. Dette er ikkje gjennomført, og rådmannen meiner at dette er ein klar svakheit ved organiseringa av Nordfjord Vekst i dag. Rådmannen oppfattar at grunnen til

dette er økonomiske prioriteringar som har medført nedlegging og avvikling av store delar av den lokale næringsressursen. Kommunen oppfyller soleis no ikkje sin del av intensjonen ved etableringa. Det vesentlege i denne evalueringa vil vere å peike på at kontaktpunkt/node ikkje er etablert, og å peike på dei ulempene som ein opplever på grunn av dette.

Fram til no har kommunen og Nordfjord Vekst hatt svært liten kontakt i samband med forvaltning av det kommunale næringsfondet og forvaltninga av førstelinetenesta. All den tid det no ikkje er eit fast kontaktpunkt for Nordfjord Vekst i kommunen, slik at ein kan bli kjende og terskelen for samhandling kan bli senka, så har det i liten grad blitt teke initiativ til samhandling utover invitasjon som observatør i styremøta.

Etter rådmannen sitt syn, så manglar det rutinar for informasjonsformidling av innkomne søknader, og kommunen har i liten grad blitt gjort kjend med tildeling av midlar gjort administrativt og gjennom styrevedtak. Det er kommunen som får tildelt midlane frå fylkeskommunen og slik sett har det overordna ansvaret for forvaltninga, så er dette klart uheldig. Som nemnt må næringsfondssakene underleggast det offentlege sine regelverk. Offentleglova og forvaltningslova gjeld på vanleg måte. Dette stiller krav til selskapet både når det gjeld struktur og saksbehandlingskompetanse etter reglane i forvaltningslova.

Rådmannen sin vurdering, er at selskapet må styrke rutinane for handsaming av saker som gjeld det kommunale næringsfondet. Selskapet må styrke rutinane for offentleggjering av vedtak og rutinar for kva type saksopplysningar som skal og ikkje skal vere tilgjengeleg for ålmenta.

Manglande rutinar for informasjon og samhandling har også ført til at kommunen har misst oversikta over nyetableringar og då heller ikkje kjenner næringslivet slik ein burde. Kommunen skal vere ein tilretteleggar for samfunnet, og bør ha kjennskap til samansetjinga i næringslivet.

Ein manglande strategisk næringsplan for kommunen, gjer ansvarsfordelinga av næringsoppgåvene mellom kommunen og Nordfjord Vekst også utydeleg. Det er vidare vanskeleg å vite kva slags forventningar kommunestyret har til rådmannen når det gjeld samhandling med næringslivet. Dette er også omtala ved fleire høve i vår når det gjeld handtering av turistnæring, samhandling med Kystverket, kommunen og næringslivet. Og også på meir generelt grunnlag er rådmannen oppmoda om å ha tettare kontakt med næringslivet lokalt. Det er med jamne mellomrom avhalde kontaktmøter for å samordne innsatsen og rådmannen oppfattar at det er ein grad av frustrasjon i næringslivet pga manglande oppfølging utan at kommunen si direkte rolle i høve Nordfjord Vekst er tydeleg presisert.

2. Næringsutviklingsprosjekt - d) Reiseliv/kulturbasert næring/landbruk

Under dette punktet står det i forretningsplanen mellom anna følgjande:

«Regionen har eit stort potensiale innanfor reiseliv/opplevingar, og er i oppstartsfasen av ei samla satsing på kulturbaserte næringar. Dette bør vere eit viktig utviklingsområde for heile regionen.

Nordfjord Vekst skal yte tenester til grunderar og eksisterande bedrifter i reiseliv- og kulturbasert næring, og kunne bidra til utviklingsprosjekt, på linje med andre næringar.

...

Selskapet skal yte tenester til grunderar/utviklingsprosjekt i landbruksnæringa på linje med grunderar/småbedrifter i andre næringar. Dette gjeld ikkje tradisjonell landbruksutvikling dersom dette ikkje naturleg kjem inn under eit utviklingsprosjekt. Her har kommunane allereie etablerte apparat for tenesteyting til landbruket».

Kva som er å rekne tradisjonell landbruksutvikling er ikkje definert nærare. Ein må gå ut frå at ein her meiner at prosjekt som gjeld utviding og oppføring av nye driftsbygningar, fellesfjøsar ol. fell utanfor.

Selje kommune har i dag få ressursar til forvaltning av landbruksoppgåvene, og meiner at det av den grunn vil vere grunnlag for å sjå nærare på kva tenester kommunen meiner at selskapet skal yte til landbruksnæringa i framtida. Kravet om lausdrift for mjølkekyr i fjøs frå 2024 inneber at mange bønder no står framfor store investeringar i bedrifta si. Andre står framfor omlegging til anna type næring. Dei aller fleste får hjelp av Tine og landbruks-rådgjevinga, men mange etterspør også hjelp frå kommunen. Særleg i samband med søknader til Innovasjon Norge. For desse er saksgangen lik for andre grunderar eller bedrifter i endring. Kommunen har i dag for liten kapasitet når det gjeld å hjelpe desse bøndene vidare, og det er difor ynskjeleg at Nordfjord Vekst også kan fungere som både førstelineteneste og rådgjevar i utviklingsprosjekta framover.

Innanfor reiseliv har Selje eit stort potensiale. Kommunen driv turistinformasjon og satsar relativt stort på å leggje til rette for etablering av ei stifting for kultur og turistaktivitet. Nordfjord vekst har gjennom SIVA bidrege til denne prosessen, men som på andre felt er rollene noko uklare. For Selje sin del er dette området svært viktig framover og det vil vere ynskjeleg om Nordfjord Vekst prioriterer dette endå tydelegare.

Kommunen har også ei tett kobling til vekstselskapet når det gjeld Stadtunnelen. Erfaringane våre frå samarbeid er gode. Dette er eit arbeid og ei satsing som må haldast oppe og i endå større grad prioriterast. Ordførar har hatt ei sentral oppgåve og ved val og endringar i kommunen må Nordfjord Vekst sikre overgangar slik at dette arbeidet ikkje får redusert styrke.

Konklusjonar

Selje kommune er aksjonær i Nordfjord Vekst og selskapet er sett til å vere kommunen sitt næringsutviklingsselskap. Selskapet er organisert som eit aksjeselskap og reglane i aksjelova er førande for drifta. I eit aksjeselskap er det dagleg leiar og styre, med generalforsamling,

som i hovudsak treff avgjerslene i selskapet. Medlemmane i styret er politisk valde, og har lokal forankring. Rådmannen har ingen merknader til korleis styret utøver vervet sitt, men uttrykker ynskje om at kommunen sin administrasjon og den politiske leiinga er i tettare dialog og samhandling med selskapet.

I evalueringa ovanfor er det peika på at selskapet i dag ikkje har kontaktpunkt/kontorstad i Selje og at det i liten grad er etablert rutinar for samhandling mellom selskapet og kommunen. Manglande rutinar for korleis kommunikasjonen mellom Nordfjord Vekst og dei politiske organa skal skje, fører også til uklare prosessar i ulike typar saker. Selskapet sender no høyringsdokument og saker til uttale direkte til kommunen sine politikarar, og ikkje går gjennom kommunen sitt politiske sekretariat for å bli lagt fram for felles vurdering og vedtak av kommunen sine politiske organ. Rådmannen finn dette uheldig og meiner at dette kan medverke til usikkerheit og rolleklarheiter også mot næringslivet.

I eigarskapsmeldinga til Eid kommune er krava til eit godt eigarskap nærare utdjupa, og det står her følgjande:

Rådmannen har trekt fram nokre utfordringar i evalueringa ovanfor, men det er grunn til å presisere at rådmannen ikkje finn grunnlag for å konkludere med at kommunen skal trekkje seg ut av Nordfjord Vekst-samarbeidet. Andelen Selje kommune bidreg med (kring 500.000,) er heller ikkje så stor at det er grunnlag for å nytte desse midlane på eigen kjøp og meine at vi kan oppnå betre effekt. Ein del av utfordringane er også knytta til ei omfattande nedbygging av administrative ressursar i kommunen noko som avgrensar muligheit til å forankre og fylgje opp lokalt. Samarbeidet må likevel styrkast på fleire område som omtala.

Kommunereforma gjer det også vanskeleg å planlegge langt fram i tid, også på dette området. Det å bringe usikkerheit inn i samarbeidet samstundes som utgreiingsarbeidet vert gjennomført for samanslåing av dei same kommunane vil gje uheldige signal.

Ei samarbeidsforplikting må no avgrensast i tid samordna med kommuestrukturprosessen. Desse utgreiingane må også fokusere på effektar av ein større kommune sine egne muligheiter til å drive næringsutvikling. Korleis samarbeidet skal leggjast opp vidare er elles avhengig av korleis Vågsøy og Eid stiller seg til dette. Dette må avklarast med kommunane.

Basert på evalueringa ovanfor, så legg rådmannen fram følgjande tilrådingar:

1. Målsetjinga om etablering av eit fast kontaktpunkt for Nordfjord Vekst i Selje er ikkje oppfylt.
2. Det bør etablerast rutinar for samhandling og informasjonsutveksling mellom Nordfjord Vekst og Selje kommune.
3. Nordfjord Vekst skal i følgje forretningsplanen fungere som førstelineteneste/grunderkontakt for næringslivet. Landbruksnæringa må inngå i definisjonen av «næringslivet».
4. Vidare forplikting formelt og økonomisk i selskapet, bør avtalast tidsavgrensa med omsyn til pågåande kommunereform.

5. Selje kommune tek initiativ til dialog overfor Vågsøy og Eid kommunar med sikte på å få avklart vidare samarbeid og samordning med arbeidet som er lagt til felles styringsgruppe for utgreiing av kommunestruktur.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Målsetjinga om etablering av eit fast kontaktpunkt for Nordfjord Vekst i Selje er ikkje oppfylt.
2. Det bør etablerast rutinar for samhandling og informasjonsutveksling mellom Nordfjord Vekst og Selje kommune.
3. Nordfjord Vekst skal i følgje forretningsplanen fungere som førstelineteneste/grunderkontakt for næringslivet. Landbruksnæringa må inngå i definisjonen av «næringslivet».
4. Vidare forplikting formelt og økonomisk i selskapet, bør avtalast tidsavgrensa med omsyn til pågåande kommunereform.
5. Selje kommune tek initiativ til dialog overfor Vågsøy og Eid kommunar med sikte på å få avklart vidare samarbeid og samordning med arbeidet som er lagt til felles styringsgruppe for utgreiing av kommunestruktur

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 13 røyster for og 4 røyster mot.

KS-041/15 VEDTAK

1. Målsetjinga om etablering av eit fast kontaktpunkt for Nordfjord Vekst i Selje er ikkje oppfylt.
2. Det bør etablerast rutinar for samhandling og informasjonsutveksling mellom Nordfjord Vekst og Selje kommune.
3. Nordfjord Vekst skal i følgje forretningsplanen fungere som førstelineteneste/grunderkontakt for næringslivet. Landbruksnæringa må inngå i definisjonen av «næringslivet».
4. Vidare forplikting formelt og økonomisk i selskapet, bør avtalast tidsavgrensa med omsyn til pågåande kommunereform.
5. Selje kommune tek initiativ til dialog overfor Vågsøy og Eid kommunar med sikte på å få avklart vidare samarbeid og samordning med arbeidet som er lagt til felles styringsgruppe for utgreiing av kommunestruktur

Utskrift til:
Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	042/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-256	12/697

Framtidig handtering av slam i Nordfjordkommunane

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	I	26.03.2013	Ottar Nygård	Nomil - Rekneskap og Årsmelding
5	U	12.04.2013	Nomil - Nordfjord Miljøverk	Melding om vedtak - Endring selskapsavtale med Nomil
7	I	16.04.2013	Nomil - Nordfjord Miljøverk	Protokoll representantskapet i NoMil
6	I	25.04.2013	Nomil - Nordfjord Miljøverk	Endring i selskapsavtalen
9	I	11.12.2014	Nordfjord Miljøverk IKS	Slambehandling i Nordfjord
10	I	12.12.2014	Nomil - Nordfjord Miljøverk IKS	Hovudutskrift Møtebok 05.12.14
8	I	18.12.2014	Nomil IKS	Møtebok representantskapen 05.12.14
11	I	03.03.2015	Nomil - Nordfjord Miljøverk	Garantiansvar
12	I	14.04.2015	Nomil - Nordfjord Miljøverk	Møtebok representantskapen 10.04.15
13	I	21.04.2015	Nomil - Nordfjord Miljøverk	Framtidig handtering av slam i Nordfjordkommunane

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Spørsmål om å la NOMIL overta det administrative ansvaret for å innhente anbod på alternativ slamdeponi etter at Eid kommune har sagt opp avtalen. Dette fremgår av skriv frå NOMIL under her;

Vi viser til tidlegare kontakt vedrørende framtidig handtering av slam frå NoMil-kommunane. Bakgrunnen er som kjent at Eid kommune har sagt opp avtalen om noverande deponering på Reset i kommunen, gjeldande frå 01.01.16. I dag leverer i utgangspunktet alle kommunane slam til dette komposteringsanlegget. Eid kommune har vist til at NoMil bør ta over denne oppgåva. Styret i NoMil har meldt tilbake at det kan vi gjere dersom eigarkommunane ønskjer det. Men vi vil ikkje etablere noko eige kompostanlegg, men basere oss på anbod både for inntransport og behandling.

Eid og Gloppen kommune har gjort vedtak om at NoMil bør ta over denne oppgåva. Bramanger har tidlegare gjeve melding om det same, men vil kanskje no gjere ei endeleg vurdering. Stryn og Hornindal har sagt at dei går for ei anna løysing og jobbar ikkje vidare med ei fellesløysing for andre kommunar.

Vi har etter kvart fått knapp tid på å finne ei anna løysing fram til 01.01.16. Det er ikkje sikkert det er muleg, då må ein få til ei mellombels overgangsløysing. Vi kjenner også til at nokre kommunar har avtale i dag på slam som har eit ulikt tidspunkt for når dei går ut. Vi ber om at dette vert opplyst i tilbakemeldinga til oss. Vi tenkjer at i anbodet vil det vere høve til ulike tidspunkt for innfasing i ei eventuell ny kontrakt.

Sakshandsamar si vurdering

Etter drøftingar med andre kommunar og innhenting av synspunkt frå styrerepresentantane frå Selje, ser rådmannen det som den klart beste løysinga å overlate til NOMIL å gjennomføre prosessen som det er retta spørsmål om.

Selje kommunen har avtale med Miljøservice om inntransportering. Denne er inngått i 2000 og har ikkje konkret utløpstidspunkt. Om oppseiing står det i avtalen;

« Dersom ikkje avtala vert oppsagt av ein av partane gjeld kontrakta fram til Nomil overtek slamtøminga i regionen.

Evt. Oppseiing må gjerast minimum eit år før neste ordinære tømmerunde.
Etter nærare avtale kan kontrakta transporterast til Nomil.»

Neste ordinære tømmerunde er i Selje i oktober/november 2016, slik at vi no kan sei opp avtalen innanfor fristane omtala i kontrakten.

Saksgang

Vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret i Selje vedtek å overlate til Nomil å administrere slamhandtering og transport av slam i Selje kommune. Før endelege avtalar vert inngått skal desse handsamast i formannskapet.

Avtale om inntransportering og slamtøming mellom Miljøservice og Selje kommune datert 11.10.2000 vert som omtala i pkt. 8 sagt opp eller transportert til Nomil.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-042/15 VEDTAK

Kommunestyret i Selje vedtek å overlate til Nomil å administrere slamhandtering og transport av slam i Selje kommune. Før endelege avtalar vert inngått skal desse handsamast i formannskapet.

Avtale om inntransportering og slamtøming mellom Miljøservice og Selje kommune datert 11.10.2000 vert som omtala i pkt. 8 sagt opp eller transportert til Nomil.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	043/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-024	14/342

Kommunereform - Ny kommunestruktur

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	S	15.09.2014		Ny kommunereform - Endra kommunestruktur
10	I	19.09.2014	Nordfjordreådet v/sekretær	Presentasjonar felles formannskapsmøte Nordfjordeid 11.09.2014
8	I	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - opplegg for arbeidet i Sogn og Fjordane 2014 - 2016
7	U	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Melding om handsama sak - Ny kommunereform - Strategi
9	I	10.10.2014	KS - Sogn og Fjordane	Kommunereforma - ressursgrupper i forhold til oppgåver
11	U	23.10.2014	Dei som skal ha utskrift	Utskrift sak 067/14 Felles Formannskapsmøte - Ny kommunereform - Endra kommunestruktur
12	I	31.10.2014	Eid kommune	Vedtak i Eid kommune om Kommunereforma - vidare prosess
13	I	10.11.2014	Ordførar Ottar Nygård	Møte i Vågsøy 12.11.14 - Kommunereforma
14	I	27.11.2014	Ordfører i Vågsøy Morten Hagen	Møtereferat 12.11.2014 - Framtidig kommunestruktur
15	S	04.12.2014		Kommunereform - Ny

16	I	18.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	kommunestruktur - Mandat Kommunereforma - skjønnsmidlar til utgreiingar
17	U	09.01.2015	Nordfjordrådet / Nordfjordkommunane	Melding om vedtak - Kommunereform - Ny kommunestruktur - Mandat
19	I	30.01.2015	Eid kommune	Kommunereforma - Vedtak i Eid kommune
25	I	02.02.2015	Hornindal kommune	Utgreiingsmodellar for endra kommunestruktur - melding om vedtak
24	I	02.02.2015	Stryn kommune	Kommunereforma - Vedtak i Stryn kommune
23	U	02.02.2015	Hornindal kommune	Kommunereforma - Vedtak i Hornindal kommune
22	I	04.02.2015	Gloppen kommune	Kommunereforma - Vedtak i Gloppen kommune
21	I	04.02.2015	Vågsøy kommune	Kommunereforma - Vedtak i Vågsøy kommune
20	I	04.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Infobrev - Kommunereforma - tid for val av retning og utgreiinga
26	U	24.02.2015	Nordfjordkommunane; Nordfjordrådet v/Sven Flo; Vanylven kommune; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Melding om vedtak - Kommunereform - Ny kommunestruktur
28	I	09.03.2015	Rådmann i Eid kommune Åslaug Krogsæter	Søknad om fornyingsmidlar
29	I	27.03.2015	Eid kommune	Kommunereforma
30	I	21.04.2015	Eid kommune	Referat frå konstituerande møte i styringsgruppa for utgreiing av alternativ kommunestruktur for Selje, Vågsøy og Eid
31	I	29.04.2015	Fosby Geir	Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereformen

Vedlegg i saka

Saka gjeld

I tråd med tidlegare drøftingar og fastsetjing av framdriftsplan for reformarbeideter det fastsett å melde attende til kommunestyret status i arbeidet no i juni.

Opplysningar til saka

Sidan formannskapet handsama saka i mars er fylgjande møter avhalde og avklaringar gjort;

Svar på søknad om skjønsmildar - tildelt 450.000,-

Konstituering felles styringsgruppe 21. april

- Ordfører i Vågsøy oppnemd som leiar i styringsgruppa
- Vanylven deltek som observatør

Indre Nordfjord (Stryn, Horningdal, Eid, Gloppen) engasjerer prosjektbistand

Sunnfjordregionen samlar seg om ei felles utgreiing

Samling i Florø om kystalternativ 13. mai (ordfører, økonomisjef deltek)

Rådmennene i EVS avklarar prosjektbistand med Eli Stølan. Stølan har erfaring frå prosjektarbeid og er tilsett i Vågsøy kommune.

Det vert kalla inn til nytt felles styringsgruppemøte på Eid 22. juni

Sakshandsamar si vurdering

Framdrifta og tempo i dette utgreiingsarbeidet har vore for låg etter oppstart i vår. Dette skuldast i fyrste rekke at vi inntil no ikkje har klart å finne person som kan gjennomføre arbeidet med å utarbeide det konkrete administrative utgreiingsgrunnlaget. Rådmennene sjølv har ikkje hatt kapasitet til å starte opp dette arbeidet i særleg grad og heller ikkje andre delar av administrasjonane i kommunane.

I nær framtid vil kommunane mot nord måtte avklare kva utgreiingsalternativ dei går for. Dette har betydning ift Vanylven og evt deltaking i EVS utgreiinga. Avklaringar i høve andre kommuner mot nord vil også falle meir på plass.

Det er framleis noko frustrasjon i delar av regionen for at det ikkje let seg gjennomføre å ha ei felles utgreiing for Nordfjord. Dette er også forsterka ved at Sunnfjord no samlar seg i større grad kring fellesutgreiingar.

Rådmennene har også vurdert å tilrå å gjennomføre ei enklare innbyggjarkartlegging i kommunane. Denne skal kartlegge innbyggjarane sitt syn på kommunesamanslåing og preferansar til andre kommunar. Spørsmålet vil verte drøfta i møte 22. juni. Liknande kartlegging er gjort på Sunnmøre.

Etter samtale og oppstart i prosjektstillinga er det no forventa høgare tempo i prosessen vidare.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret tek orientering om framdrift og status i kommunereformarbeidet til orientering.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Framlegg frå FRP:

Som tilråding frå administrasjonen med tillegg:

Det skal gjennomførast ei enklare innbyggjarkartlegging i kommunen.

Denne skal kartlegge innbyggerane sitt syn på kommunesamanslåing og preferansar til andre kommuner.

Røysting:

Framlegg frå FRP fekk 9 røyster for.

Tilråding frå administrasjonen fekk 8 røyster for.

KS-043/15 VEDTAK

Kommunestyret tek orientering om framdrift og status i kommunereformarbeidet til orientering.

Det skal gjennomførast ei enklare innbyggjarkartlegging i kommunen.

Denne skal kartlegge innbyggerane sitt syn på kommunesamanslåing og preferansar til andre kommuner.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	044/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-250	14/571

Utviding av kredittramme

Saka gjeld

Selje kommune har i perioder store likviditetsproblemer. Kommunen har i dag en avtale om trekkrettigheter/kreditt på inntil 15 millioner kroner i Sparebanken Vest, som ofte blir benyttet til betaling av løpende driftsutgifter. Juli måned er ekstra utfordrende siden vi ikke mottar noe rammetilskudd fra staten i juli måned.

Etter utbetaling av lønn og feriepenger i juni måned, har vi allerede trukket flere millioner på trekkrettighetene våre. Samtidig skal vi de neste ukene betale ut flere millioner kroner i løpende utgifter, renter og avdrag på lån, samt lønn til kommunens ansatte i juli. Vi ser at likviditeten ikke strekker til, og at vi bør søke Sparebanken Vest om å få utvidet trekkrettighetene våre med 10 millioner kroner.

Saksgang

Kommunestyret gjør vedtak. Må godkjennes av Fylkesmannen, siden Selje kommune er registrert på Robek.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommunestyre vedtar at kreditrammen til kommunen utvides med inntil 10 millioner kroner. Rådmannen gis fullmakt til å inngå nødvendige avtaler med banken.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-044/15 VEDTAK

Selje kommunestyre vedtar at kreditrammen til kommunen utvides med inntil 10 millioner kroner. Rådmannen gis fullmakt til å inngå nødvendige avtaler med banken.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar

